



GULEN KOMMUNE  
HISTORISK OG FRAMTIDSRETTA



# Kommuneplanen sin arealdel 2020-2032

Konsekvensutgreiing

-

2. gongs høyring

Gulen kommune

Vedtak om oppstart og godkjenning av planprogram	FSK 047/17	01.06.2017	Jp. 17/4989
Godkjenning av revidert planprogram	KOM 074/17	19.10.2017	Jp. 17/8619
Drøftingsmøte med akvakulturnæringa		21.03.2018	Jp. 18/3261
Drøftingsmøte med industriveksemdar		03.12.2018	
Høyring 1. gongs offentleg ettersyn	FSK	27.01.2020	JP 20/460
Høyring og 2. gongs offentleg ettersyn	FSK	02.07.2021	JP 21/6343
Godkjenning av arealplan 2020-2032			

#### Høyringsutkast

## Innholdsliste:

<b>1. Innleiing</b> .....	<b>5</b>
<b>2. Metode og rettleiar for konsekvens utreiing og ROS</b> .....	<b>5</b>
2.1. Konsekvensutgreiing – Tema .....	6
2.2. Konsekvensutgreiing – Vurdering .....	8
2.3. Konsekvensutgreiing – Bileter.....	9
<b>2.4. ROS-analyse</b> .....	<b>9</b>
2.4.1. Metode .....	9
2.4.2. Sannsyn.....	10
2.4.3. Konsekvens .....	10
2.4.4. Risikomatrise .....	11
2.4.5. Kunnskapsgrunnlag og vurdering .....	12
2.5. Oversikt over innspel og oppsummert tilråding .....	17
<b>3.0 Bustad</b> .....	<b>20</b>
3.1 Innspel 2 og 13 Arehaugen Sande (B_64) .....	20
Konsekvensutgreiing.....	20
ROS-analyse .....	21
3.2 Innspel 22 Myrsvika Dalsøyra (B_39).....	23
Konsekvensutgreiing.....	23
ROS-analyse .....	25
3.3 Innspel 43 Marka Byrknes (B_66) .....	27
Konsekvensutgreiing.....	28
ROS-analyse .....	29
3.4. Politisk innspel -Byrknes (B_67) .....	30
Konsekvensutgreiing.....	30
ROS-analyse .....	32
<b>4.0 Næring</b> .....	<b>33</b>
4.1. Innspel 27 og 40 Eidssaga - Sløvåg/Steinsøya (BN_13 og H09).....	33
Konsekvensutgreiing.....	34
ROS-analyse .....	36
4.2. Innspel 36 Vassvika (BFT_13) .....	38
Konsekvensutgreiing.....	38
ROS-analyse .....	40

4.3. Innspel 45 Kalvøyna (BN_08) .....	41
Konsekvensutgreiing.....	41
ROS-analyse .....	43
4.4. Innspel 47 Breidvika (LS_16) .....	44
Konsekvensutgreiing.....	44
ROS-analyse .....	45
4.5. Politisk innspel Byrknes (BN_25) .....	47
Konsekvensutgreiing.....	48
ROS-analyse .....	49
<b>5.0 Andre typar bygg og anlegg.....</b>	<b>51</b>
5.1. Innspel 1 og 18 Prestesundet Eivindvik (BAB).....	51
Konsekvensutgreiing.....	51
ROS-analyse .....	53
5.2. Innspel 5 Ospeneset Sande naustområde (BAB).....	54
Konsekvensutgreiing.....	55
ROS-analyse .....	56
5.3. Innspel 6 Ospeneset Sande småbåtanlegg (SA16) .....	57
Konsekvensutgreiing.....	57
ROS-analyse .....	58
5.4. Innspel 23 Myrvika Dalsøyra naustområde (BAB).....	60
Konsekvensutgreiing.....	60
ROS-analyse .....	61
5.5. Innspel 24 Myrsvika Dalsøyra småbåtanlegg (SA08).....	63
Konsekvensutgreiing.....	63
ROS-analyse .....	64
5.6. Innspel 31 Slåttevika Byrknes (BAB).....	66
Konsekvensutgreiing.....	67
5.7. Innspel 32 Klauvågen Byrknes (SA10).....	69
Konsekvensutgreiing.....	69
ROS-analyse .....	70
5.8. Innspel 35 Storevågneset (SA11).....	72
Konsekvensutgreiing.....	73
ROS-analyse .....	74
5.9. Innspel 3 Toftehågen Sande (BAB_08).....	75

Konsekvensutgreiing.....	75
ROS-analyse .....	76
<b>6. Akvakultur .....</b>	<b>78</b>
6.1. Innspel 21 nr 2 Bårøyna (VA_31) .....	78
Konsekvensutgreiing.....	79
6.2. Innspel 21 nr 3 Kuøyana (VA_26).....	81
Konsekvensutgreiing.....	82
6.3. Innspel 21 nr 4 Leiholmane ( VA_27).....	83
Konsekvensutgreiing.....	84
6.4. Innspel 21 nr 5 Hardbakkneset (VA_18) .....	85
Konsekvensutgreiing.....	85
6.5. Innspel 21 nr 6 Gråvika (VA_38).....	87
Konsekvensutgreiing.....	88
6.6. Innspel 48 nr 1 Straumeøyana .....	89
Konsekvensutgreiing.....	90
6.7. Samla ROS-analyse for akvakultur .....	91
<b>7. Idrettsanlegg .....</b>	<b>92</b>
7.1. Innspel 39 Oppedal (BIA_7a).....	92
<b>8. Gang- og sykkelsti.....</b>	<b>93</b>
8.1. Innspel 49 Gang og sykkelsti Hovden-Steine (GS12).....	93
Konsekvensutgreiing.....	93
ROS-analyse .....	94
<b>9. Offentlig eller privat tjenesteyting .....</b>	<b>95</b>
9.1. Innspel 50 Barnehage Byrknes (GS12) .....	95
Konsekvensutgreiing.....	95
ROS-analyse .....	97
<b>10. Generell vurdering av vindkraft.....</b>	<b>98</b>

## 1. Innleiing

I samband med rullering av arealdelen til kommuneplanen for Gulen kommune er det gjennomført ei konsekvensutgreiing for innspel som er i tråd med arealplanen sitt planprogram. Me har teke utgangspunkt i handboka frå Statens Vegvesens V712 og «ikkje-prissatte» konsekvensar, regjeringa si rettleiing og tidlegare konsekvensutgreiingar. Arbeidsgruppa sin lokale kjennskap til områda ligg òg til grunn for vurderingane.

Vurderingar kring havnivåstigning er gjort etter DBS sin rettleiar for havnivåstigning og stormflo frå 2016, Tek17, §7-2 og PBL §28-1, §11-8, §11-9. Gulen kommune brukar kartgrunnlag NN2000, maks returnivå for stormflo og klimapåslag RCP8.5, 95-persentilen for 2081-2100 til berekningar av havnivåstigning og stormflo. <https://www.dsb.no/veiledere-handboker-og-informasjonsmaterieell/havnivastigning-og-stormflo/>

Gulen kommune har hatt negativ folketalsutvikling dei siste åra, sjølv om folketalsauke er eitt av hovudmåla i samfunnsplanen. Næringslivet, spesielt i ytre deler av kommunen, melder om stort behov for tilrettelagde bustadområder og har kome med fleire framlegg til plasseringar. Samstundes har Gulen kommune auka fokus på klimautfordringar og har utført geologisk skred- og rasfareundersøking på to kommunal bustadfelt som ligg i aktsemdsomårder for skred. Denne undersøkinga er no innarbeidd i arealplanen.

## 2. Metode og rettleiar for konsekvens utreiing og ROS

Godkjend planprogram 2018-2030 slår fast at ein skal vurdere innspel etter metodikk frå Statens Vegvesens handbok V712 og «ikkje-prissatte» konsekvensar. Kva tema som vert vurdert i konsekvensutgreiinga og korleis dei ulike tema vert verdisatt tek utgangspunkt i denne metodikken, men med nokre endringar og tilpassingar til våre forhold. Verdisettinga er utført med utgangspunkt i nasjonale, regionale og lokale målsettingar og styringsdokument.

Arealdelen til kommuneplanen er på eit overordna nivå og utgreiinga skal, så langt råd er, byggjast på føreliggjande og allereie registrert kunnskap. Innsamling av ny kunnskap er avgrensa til det som trengs for vedtaksgrunnlag på eit overordna nivå. Ved ei seinare utarbeiding av område- eller detaljregulering, vil det kunne vere behov for å kartleggje ny kunnskap, dersom verknadene av det aktuelle tiltaket ikkje er tilstrekkeleg kjent. Alle innspela er vurdert opp mot alternativ-0, som er dagens kommuneplan.

Fleire innspel en dei som ender opp som sjølvne planforslaget vert konsekvensutgreia. Det er to hovudårsaker til at ein innspel ikkje vert tilrådd vidareført;

- 1) Fordi konsekvensane på eit eller fleire utredningstema gjer at ein ikkje kan tilrå at dei blir tatt med i rulleringa.
- 2) Innspelet er ikkje i tråd med overordna føringar, det vil seie planprogrammet, samfunnsdelen av kommuneplanen, samt nasjonale/regional føringar.

Innspela er samla og omtalt temavis. Forskrifta om konsekvensutgreiing krev at det i tillegg til ei vurdering av dei einskilde innspela til planen, vert gjort ei framstilling av planen sine samla konsekvensar for samfunnet. Konsekvensen er eit resultat av verdien ny arealbruk eventuelt er i konflikt med, og i kva grad/omfang ny

arealbruk vil råka verdiområdet. Konsekvensutgreiinga skal ikkje berre syne verknadene tiltaket kan ha innanfor sjølve innspelsavgrensinga, men og for eventuelle verdiområde rundt.

## 2.1. Konsekvensutgreiing – Tema

Innspela som har kome inn til planen har gått gjennom ei trinnvis evaluering.

1. Grovsortering – dei innspela som ikkje kjem inn under målsettinga i planprogrammet vert silt ut i ein tidleg fase.
2. Konsekvensutgreiing – arealinnspela som er i tråd med planprogrammet vert konsekvensutgreia. På bakgrunn av resultatet vert det teke ei vurdering av om innspelet vert teke med i planen.
3. ROS-analyse – innspel som me ynskjer å gå vidare med vert vurderte i ei Risiko- og sårbarheitsanalyse for endeleg avgjerd før dei vert teke med i planen og endringar vert gjort i plankartet.

Kvart innspel som er i tråd med planprogrammet har vorte vurdert etter 10 temakategoriar;

Kulturminne/kulturmiljø	Naturressursar/mineral
Landskap	Miljø/Folkehelse
Strandsone	Friluftsliv
Landbruk	Samfunn og infrastruktur
Naturmangfald	Born og unge

For å komme fram til konsekvensen av eit innspel/tiltak, har me vurdert verdien og påverknaden for innspelet opp mot kvar av kategoriane ovanfor.

Under temaet Miljø/folkehelse er det to utgreiingspunkt, luftkvalitet og universell utforming. Desse punkta vart stort sett skrive med same tekst i utgreiinga på kvart innspel, og for å ikkje fylle opp dokumentet med det, skriv me generelt om desse utgreiingspunkta i punkta nedanfor.

### Luftkvalitet

Nær alle tiltaka fekk tilnærma same resultat på luftkvalitet, så me har difor valt å skrive om samla tekst om luftkvaliteten. Der det er avvik, er dette kommentert i konsekvensutgreiinga til det enkelte tiltak. Vurdering av luftkvaliteten er basert på målingar av ammoniakk-utslipp til luft (NH<sub>3</sub>), NMVOC-utslipp (flyktige organiske forbindelser utenom metan), Nox-utslipp (nitrogenoksider ) og svart karbon-utslipp (finkornet svevestøv av forskjellige sortar PM<sub>2,5</sub> og PM<sub>10</sub>).

- For heile kommunen kan det oppstå svevestøv frå vedfying i husstander og hytter PM 10, og der det er tettbebygd er verdiane litt høgare enn ved spreidd bygging, men ingen farleg høge verdier nokon stad i kommunen.
- Svevestøv av utslepp til luft PM 2,5 (nitrogendioksid, svoveldioksid, metaller og PAH er blant stoffa som kan sleppast ut fra industri) har litt under middels verdier i kommunen, men i søre delen over Sløvåg, Skipavik og Fensfjorden er det høge verdier då dette er område som er påverka av industrien, samt at Mongstad spelar ein stor rolle for det utslaget.
- Ammoniakk-utslipp til luft (NH3), NMVOC-utslipp (flyktige organiske forbindelser utenom metan) og Nox-utslipp (nitrogenoksider ) har låge verdier i kommunen om ein ser vekk frå Sløvåg, Skipavik og Fensfjorden som har høge verdier av desse utsleppa grunna industri og skipstrafikk.

Luftkvaliteten er generelt god i kommunen.

### Universell utforming

Har tatt høgde for det i kvart innspel, men tenkjer at opparbeiding av universell utforming er noko som vil kome automatisk når ein skal ta utgangspunkt i TEK 17, plan- og bygningsloven og diskriminerings- og tilgjengelighetsloven. Ein må ta hensyn til universell utforming for alle tenkte tiltak ein skal utføre no og for framtida i alle innspela det er et relevant og ta hensyn til det.

Tabell 1: Tema og kjelder for kunnskapsgrunnlag

Tema	Vurderingar	Kunnskapsgrunnlag
Kulturminne/ Kulturmiljø	-Vurdering av om føreslåtte arealdisponering vil påverke kulturminne og kulturmiljø.	<a href="http://www.miljostatus.no/kart">www.miljostatus.no/kart</a> <a href="http://www.kulturminnesok.no">www.kulturminnesok.no</a> <a href="http://www.askeladden.ra.no">www.askeladden.ra.no</a>
Landskap	-Vurdering av korleis føreslått arealdisponering vil påverke naturlandskapet, og i så fall i kva grad. Vurdering av t.d. terrenginngrep, silhuettverknad.	<a href="http://www.fylkesatlas.no">www.fylkesatlas.no</a> <a href="http://www.kommunekart.com">www.kommunekart.com</a> (terrengkart i 3D)
Strandsona	-Plan- og bygningslova §1-8 har eit generelt bygge- og deleforbod i 100-metersbeltet langs sjøen. Føreslått arealbruk må vurderast i forhold til dette. Lova seier også at det langs vassdrag skal takast særleg omsyn til natur- og kulturmiljø, friluftsliv, landskap og andre allmenne interesser.	<a href="http://www.kommunekart.com">www.kommunekart.com</a> - Strandsonanalyse for Gulen kommune (Asplan Viak) -Gjeldande kommuneplan
Landbruk	Vurdering av føreslått arealdisponering i høve til kjerneområde for landbruk og registrerte landbruksområde. Jordvernet er sterkt, men kommunen har samstundes avgrensa tiltang på byggeareal som ikkje ligg i bratt terreng eller på landbruksjord.	<a href="http://www.fylkesatlas.no">www.fylkesatlas.no</a> <a href="http://www.miljostatus.no/kart">www.miljostatus.no/kart</a> <a href="http://www.kilden.skogoglandskap.no">www.kilden.skogoglandskap.no</a>
Naturmangfald	Vurdering av om føreslått arealdisponering vil påverke eller kome i konflikt med : <ul style="list-style-type: none"> <li>• Utvalde eller viktige naturtypar</li> <li>• Artar av nasjonal interesse</li> <li>• Verneområde</li> <li>• Trua artar</li> <li>• Viltområde for hjort og rådyr</li> </ul>	<a href="http://www.artskart.artsdatabanken.no">www.artskart.artsdatabanken.no</a> <a href="http://www.kart.naturbase.no">www.kart.naturbase.no</a>  <a href="http://www.kart.fiskeridir.no">www.kart.fiskeridir.no</a> <a href="http://www.miljostatus.no/kart">www.miljostatus.no/kart</a>



	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Anna dyreliv</li> </ul> <p>Naturmangfaldloven Kap. 2</p>	
Naturressursar	<p>Vurdering av føreslått arealdisponering i høve til kjende naturressursar på land og i sjø.</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>• Skogbonitet, treslag, volum, eksisterande infrastruktur og potensiale for drift av skogen</li> <li>• Område for fiske med passive/aktive reiskap, kaste- og låssettingsplassar og gytefelt</li> <li>• Grunntilhøve, lausmassar og grunnvasspotensiale</li> <li>• Mineralressursar, grus og pukkførekomstar</li> </ul>	<p><a href="http://www.kilden.skogoglandskap.no">www.kilden.skogoglandskap.no</a>  <a href="http://www.kart.fiskeridir.no">www.kart.fiskeridir.no</a>  <a href="http://www.kommunekart.com">www.kommunekart.com</a>  <a href="https://geo.ngu.no/kart/">https://geo.ngu.no/kart/</a></p>
Miljø/ Folkehelse	<p>Vurdering av føreslått arealdisponering i høve til folkehelseomsyn i området.</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>• Støy, radonaktsemd, anna ureining</li> <li>• Bukvalitetar –lokalklima og soltilhøve</li> <li>• Tilgang til friluftsområde, sjø, idrett/leik, m.m.</li> <li>• Tilrettelegging for universell utforming</li> </ul> <p>Folkehelseloven Kap. 2</p>	<p><a href="http://www.fylkesatlas.no">www.fylkesatlas.no</a>  <a href="http://www.miljostatus.no/kart">www.miljostatus.no/kart</a></p>
Friluftsliv	<p>Vurdering av føreslått arealdisponering sin påverknad på registrerte eller kjente friluftsområder.</p> <p>Friluftsliven</p>	<p>Kommunal plan for fysisk aktivitet, idrett og friluftsliv 2019-2022.  Kartlegging av viktige friluftsområder Gulen kommune</p>
Samfunn og infrastruktur	<p>Vurdering av føreslått arealdisponering i høve til eksisterande planstatus, infrastruktur, lokalisering og samfunnsnytte, m.m.</p> <p>Gjeldande kommuneplan ynskjer å prioritere bygging i dei allereie etablerte bygdесentra og bustadområda.</p>	<p><a href="http://www.vegkart.no">www.vegkart.no</a>  <a href="http://www.nordhordlandskart.no">www.nordhordlandskart.no</a></p> <p>Kommuneplan for Gulen 2012-2024.</p>
Born og unge	<p>Vurdering av føreslått arealdisponering sin påverknad på born og unge sitt oppvekstmiljø og tilgang til skule og barnehage.</p>	<p>Kommuneplan for Gulen 2012-2024.  Kommunal plan for fysisk aktivitet, idrett og friluftsliv 2019-2022.</p>

## 2.2 Konsekvensutgreiing – Vurdering

For verdisettinga har me brukt ei blanding av handbok V712, rettleiar får regjeringa og egne erfaringar frå tidlegare rulleringar for å utarbeide ein forklarande god metode for konsekvensar/verdisetting av konsekvensutgreiinga.

### Verdien

Skildrar området sin verdi slik det er i høve til dei einskilde tema. Skalaen me har operert med er liten (1) – middels (2) – stor (3).

### Påverknad

Skildrar tiltaket sin størrelse og omfang i høve temaet og omgивnadane. Denne kan vere både positiv og negativ, og skalaen går frå +3 til -3 med 0 i midten.

## Konsekvens

Verdi og påverknad utgjør samla ein konsekvens for kvart tema. Konsekvensen skildrar kor mykje tiltaket endrar staden eller bruken i høve temaet. Denne kan vere både positiv og negativ. Til dømes vil eit område med stor verdi (3) der påverknaden av tiltaket er middels negativ (-2) vil få ein konsekvens som tilsvarar  $3 \times (-2) = -6$ . Konsekvensane er vurdert på faglege vurderingar frå ulike typar offentlege kjelder og planar, samt lokal kunnskap.

Konsekvensvurdering		Verdi		
		Liten	Middels	Stor
Påverknad		1	2	3
Stor positiv	3	3	6	9
Middels positiv	2	2	4	6
Liten positiv	1	1	2	3
Ingen	0	0	0	0
Liten negativ	-1	-1	-2	-3
Middels negativ	-2	-2	-4	-6
Stor negativ	-3	-3	-6	-9

FIGUR 1: KONSEKVENSVURDERINGAR I TAL OG FARGAR

## 2.3 Konsekvensutgreiing – Bileter

Bileter som er brukt i konsekvensutgreiinga er henta frå gislina, kommunekart og Nordhordalandskart. Gislina-bilde viser kommuneplanen i fargekodar med ortofoto i bakgrunnen, og tegnforklaring på fargar er i tabell nedanfor. Bilete frå Nordhordalandskart er oversiktskart med raud ring som viser kvar i kommunen innspelet er lokalisert. Kommunekart.com sine bilete viser 3D bilete av plassar og er berre med på nokon av områda.

## 2.4. ROS-analyse

Kommunar har eit grunnleggjande ansvar for å vareta tryggleiken til befolkninga. Som lokal planmyndigheit må kommunen leggje til rette for ei planlegging som verner seg mot og handterer hendingar som truar grunnleggjande verdiar og funksjonar og set liv og helse i fare. Slike hendingar kan vere utløyst av naturen, vere utslag av tekniske eller menneskelege feil, eller medvitne handlingar. Både Sivilvernlova og Plan- og bygningslova stiller krav til at kommunen skal ha utarbeida risiko- og sårbarheitsanalyser (ROS-analyser).

Risiko- og sårbarheitsanalysane følgjer Direktoratet for samfunnssikkerheit og beredskap (DSB) sine rettleiarar «Samfunnssikkerheit i arealplanlegging – Kartlegging av sikkerheit og sårbarheit» og «Veileder til helhetlig risiko- og sårbarheitsanalyse i kommunen», samt Gulen kommune sine akseptkriteriar som er utarbeidd i overordna ROS.

Gulen kommune har utarbeida ein heilskapleg overordna ROS-analyse (2019-2023) som er tatt omsyn til i denne ROS-analysen. Konkrete tema knytt til aktuelle ROS-vurderingar er gått gjennom i arealplanen si planskildring i kapittel 5 som omhandlar rammer for planen. Me henviser difor dit for utfyllande informasjon.

### 2.4.1. Metode

Risiko- og sårbarheit er vurdert for fem moglege hendingar for kvart arealinnspelet. Berre hendingar som vert rekna som aktuelle for det einskilde byggjeområdet vert skildra. Moglege hendingar/potensiell fare er valt ut med eit mål om å famne om dei viktigaste trugslane på eit overordna nivå. Følgjande hendingar er vurdert:

Forureining (jord, luft, vatn, støy)

Klima og ekstremvær

Beredskap og ulukkesrisiko

Transport/trafikkisikring

### 2.4.2. Sannsyn

Sannsyn vert brukt som mål for kor truleg me meiner det er at ei bestemt uønskt hending vil inntreffe i det aktuelle planområdet, innanfor eit tidsrom. Sannsynet kan vurderast på bakgrunn av statistikk, risikokartleggingar frå andre etatar og erfaring.

Kat.	Forklaring	Tidsintervall (frekvens)	Sannsyn per år
5	Svært sannsynlig	Oftare enn 1 gong per år	Svært høg
4	Ganske sannsynlig	1 gong i løpet av 1-10 år	Høg
3	Sannsynlig	1 gong i løpet av 10 til 100 år	Middels
2	Lite sannsynlig	1 hending i løpet av 100 til 1000 år	Låg
1	Svært lite sannsynlig	Sjeldnare enn 1 gong i løpet av 1000 år	Svært lite

### 2.4.3. Konsekvens

Konsekvens er den verknaden i uønska hending kan få for planområdet. Dei valde konsekvenstypane tek utgangspunkt i tre viktige samfunnstryggleiksverdiar:

- **Liv og helse**
  - skal vurderast ut frå tal omkomne, skadde (varig og mellombels) eller andre som er påførte helsemesige belastningar på grunn av den uønska hendinga.
- **Natur, kultur og miljø**
  - skal vurderast ut frå kor alvorleg skaden er og kor lang tid det vil ta før skaden er normalisert.
- **Materielle verdiar**
  - skal vurderast ut frå direkte kostnadar som følgje av den uønska hendinga i form av økonomisk tap knytt til skade på eigedom.

I kommunen sin overordna ROS er det også ein konsekvenskategori som går på Stabilitet, det vil sei korleis ei hending påverkar kommunen sin tenesteyting og andre kritiske samfunnsfunksjonar. Denne kategorien passar betre til ei overordna ROS-analyse og vert ikkje teken med her.

Samfunnsverdi	FIGUR 2: KONSEKVENSVURDERING AV HENDINGAR		
	LIV OG HELSE	NATUR, KULTUR, MILJØ	MATERIELLE VERDIAR
Konsekvens			
<b>Svært store</b> 5	Meir enn 5 døde og/eller 10 alvorleg skadde. Meir enn 250 evakuerte	Langvarige/varige skader	Øydelegging/skade for over 50 mill. kr
<b>Store</b> 4	Inntil 5 døde og/eller 10 alvorleg skadde. Inntil 250 evakuerte	Store og alvorlege skader. Normalisert innan 25 år.	Tap av og/eller kritisk skade på materiell, utstyr og andre økonomiske verdiar. Kostnad mellom 10 – 50 mill
<b>Middels</b> 3	Få, men alvorlege skader. Eller opptil 10 personskader	Stort omfang/område er berørt. Tidsavgrensa skade-normalisert innan 10 år.	Alvorleg skade. Kostnad mellom 1 – 10 mill kr.
<b>Små</b> 2	Få og små personskader	Mindre skade, vert reparert etter kort tid (under 1 år)	Mindre lokal skade på materiell og utstyr. Kostnad mellom 100 000 og 1 mill
<b>Svært små</b> 1	Ingen personskade	Ingen skade eller ureining	Små eller ingen skade på materiell og utstyr. Kostnad under kr. 100 000

#### 2.4.4. Risikomatrise

ROS-analysen vert ofte framstilt i eit risikodiagram med raude, gule og grønne felt. Matrisa viser grenser for førehandsdefinerte akseptkriterier, og har tatt utgangspunkt i kommunen sine risikomatriser for overordna ROS:

**Raudt område** - Uakseptabel risiko – Risikoreduserande tiltak må iverksettast.

**Gult område** – ALARP område – Risikoreduserende tiltak etter vurdering av kost/nytte

**Grønt område** – Akseptabel risiko – Risikoreduserande tiltak kan gjerast om ønskelig.

Sannsyn ↑	5	10	15	20	25
	4	8	12	16	20
	3	6	9	12	15
	2	4	6	8	10
	1	2	3	4	5
	Konsekvens →				
Akseptkriterie for: Liv og helse					

Sannsyn ↑	5	10	15	20	25
	4	8	12	16	20
	3	6	9	12	15
	2	4	6	8	10
	1	2	3	4	5
	Konsekvens →				
Akseptkriterie for: Natur, kultur og miljø/Materielle verdier					

#### 2.4.5. Kunnskapsgrunnlag og vurdering

Tema	Vurderingar	Kunnskapsgrunnlag
Forureining (jord, luft, vatn, støy)	<p><b>Radon:</b> Radon i inneluft aukar risikoen for lungekreft (<a href="http://www.nrpa.no/radon">www.nrpa.no/radon</a>). Byggteknisk forskrift (TEK17) har krav om at alle nye bygningar der ein skal opphalde seg over lengre tid skal oppførast med radonførebyggande tiltak. Miljostatus.no har framstilling for aktsemdområde for radon.</p> <p><b>Støy:</b> Vegvesenet har utarbeidd støysonekart for dei større fylkesvegane. Støysonene er innarbeidd i gjeldande kommuneplan og omfattar gul og raud støysone.</p> <p><b>Forureina grunn, luft eller vatn:</b> Endring i arealføremål ska vurderast opp mot eventuelle ureiningar i grunn, luft eller vatn i det aktuelle området. Det skal også vurderast om</p>	<p><a href="http://www.miljostatus.no/kart">www.miljostatus.no/kart</a></p> <p><a href="https://www.vegvesen.no/fag/fokusomrader/miljo+og+omgivelser/stoy/Stoykart/Sogn+og+Fjordane">https://www.vegvesen.no/fag/fokusomrader/miljo+og+omgivelser/stoy/Stoykart/Sogn+og+Fjordane</a></p> <p><a href="http://www.miljostatus.no/kart">www.miljostatus.no/kart</a></p> <p><a href="http://www.miljostatus.no/kart">www.miljostatus.no/kart</a></p>

	føreslått arealbruk kan medføre auka forureining på omgivnadane.	
Klima og ekstremvær	<p><b>Havnivåstiging og stormflo:</b> Kunnskapsgrunnlaget for havnivåstiging og stormflo baserer seg på kartverket si teneste «Se havnivå» og rapporten «Havnivåstiging i norske kystkommuner». Tala er avhengige av framtidig temperaturauke som resultat av klimagassutslepp. I ROS-analyse er det teke utgangspunkt i estimerte tal for Eivindvik. Stormflo vert mål for returnivå i cm over middelvatn (gjennomsnittleg vannstand på ein stad over ein periode på 19 år). Bølgepåverknad er ikkje inkludert.</p> <p><b>Havnivåstiging:</b> Estimert 2050: 22 cm Estimert 2100: 72</p> <p><b>Stormflo:</b> Estimert 100 års stormflo 2050: 189 Estimert 100 års stormflo 2100: 244</p> <p><b>Vind:</b> Ekstrem vind er sannsynleg og kan ha alvorlege konsekvensar for miljø og materielle verdiar. Områda ytterst mot havet i kommunen er mest utsett. Dette må ein ta med i vurdering av om areal er eigna til føreslått føremål.</p> <p><b>Nedbør:</b> Ekstrem nedbør er med flaum er svært sannsynleg for Gulen. Det kan ha store konsekvensar for miljø og materielle verdiar. Forventa median nedbørsendring i kommunen frå perioden 1971-2000 til 2071-2100 er: RCP4,5: 8% RCP8,5: 17% Forventa auke i dagar med kraftig nedbør fram mot 2100 er: RCP4,5: 41% RCP8,5: 86%</p> <p><b>Flaum:</b> NVE har laga kart for teoretiske flaumsoner, basert på terreng og nedbørsfelt. Endring i arealføremål må vurderast opp mot desse.</p> <p><b>Overflatevatn:</b> Risiko for overflatevatn er særskilt relevant for areal med tilliggjande store nedbørsfelt og der det er framlegg om å byggje ut større areal i skråande terreng. Endring i arealføremål må vurderast opp mot dette.</p> <p><b>Ras, skred:</b> Gulen er utsett for skred og ras i store deler av kommunen. Områder merka med faresone ras og skredfare i gjeldande plan vert vidareført. Fagkunne vurderingar og eventuelle sikringstiltak må vere gjennomførte i desse områda før dei kan takast i bruk.</p>	<p><a href="http://www.temakart.nve.no">www.temakart.nve.no</a> <a href="http://www.kartverket.no/sehavniva">www.kartverket.no/sehavniva</a></p> <p><a href="https://dibk.no/globalassets/tema/klimatilpasning/havnivaastigning-rapp.pdf">https://dibk.no/globalassets/tema/klimatilpasning/havnivaastigning-rapp.pdf</a></p> <p><a href="https://cms.met.no/site/2/klimaservicesenteret/rapporter-og-publikasjoner/_attachment/6616?ts=14ff3d4eeb8">https://cms.met.no/site/2/klimaservicesenteret/rapporter-og-publikasjoner/_attachment/6616?ts=14ff3d4eeb8</a></p> <p><a href="http://nevina.nve.no">http://nevina.nve.no</a> <a href="http://www.atlas.nve.no">www.atlas.nve.no</a></p> <p><a href="http://nevina.nve.no">http://nevina.nve.no</a> <a href="http://www.atlas.nve.no">www.atlas.nve.no</a></p> <p><a href="http://www.atlas.nve.no">www.atlas.nve.no</a> <a href="http://www.kommunekart.com">www.kommunekart.com</a></p>




























	Det er utarbeidd egne rapportar for Tynning og Ytre Stranda.	
Beredskap og ulukkesrisiko	<p><b>Tilgjengelegheit for naudetatar:</b>  ROS-analysen må vurdere endring i arealføremål opp mot tilgang for naudetatar til å kome fram, og avstand til desse tenestene.  Det er brannstasjonar i Eivindvik, Dalsøyra, Brekke og Byrknes. Desse er i stor grad basert på frivillig arbeid. Gulen har samarbeid med Masfjorden kommune om brann- og redningsarbeid.  Det er legekontor i Eivindvik, med utekontor i Brekke og på Byrknes ein gang i veka. Legevakt er i Knarvik.</p> <p><b>Ulukker:</b>  ROS-analysen må sjå på forhold ved sjølve tiltaket som kan auke risikoen for ulukker, t.d. næringsrelaterte ulukker, eller risikoen dersom det skulle oppstå ein alvorleg, akutt situasjon (sjukdom, fall, anna skade).</p>	<a href="https://kart.dsb.no/">https://kart.dsb.no/</a>
Transport/ transportsikring	Fare for trafikkulukker har samanheng med trafikktryggleiken på staden, m.a. mengden trafikk, fart, sikt, tilrettelegging for mjuke trafikantar. Det må vurderast om foreslåtte arealbruk kan utgjere trafikk/transportrisiko, eller om det fins trafikkrisiko som legg avgrensingar på arealføremålet.	<a href="http://www.vegvesen.no/vegkart/vegkart">www.vegvesen.no/vegkart/vegkart</a>

Tabell 2: Teiknforklaringsar Gisline

**Kommuneplan/Kommunedelplan PBL 2008**

✓		Angitthensyngrense
✓		Angitthensynsone - Hensyn friluftsliv
✓		Angitthensynsone - Bevaring naturmiljø
✓		Båndlegginggrense nåværende
✓		Båndlegging etter lov om naturvern - nåværende
✓		Detaljeringgrense
✓		Detaljeringsone-Reguleringsplan skal fortsatt gjelde
✓		Detaljeringsonepunkt
✓		Bestemmelseområde
✓		Bestemmelsegrense
✓		Bebyggelse og anlegg - nåværende
✓		Boligbebyggelse - nåværende
✓		Boligbebyggelse - fremtidig
✓		Fritidsbebyggelse - nåværende
✓		Fritidsbebyggelse - fremtidig
✓		Forretning - nåværende
✓		Forretninger- fremtidig
✓		Tjenesteyting - nåværende
✓		Tjenesteyting- fremtidig
✓		Fritids- og turistformål - nåværende
✓		Fritids- og turistformål - fremtidig
✓		Råstoffutvinning - nåværende
✓		Næringsbebyggelse - nåværende
✓		Næringsbebyggelse - fremtidig
✓		Idrettsanlegg - nåværende
✓		Andre typer bebyggelse - nåværende
✓		Andre typer bebyggelse - fremtidig
✓		Grav og urnelund - nåværende
✓		Kombinert bebyggelse og anleggsformål - nåværende
✓		Kombinert bebyggelse og anleggsformål - fremtidig
✓		Samferdselsanlegg og teknisk infrastruktur- nåværende
✓		Veg - nåværende
✓		Havn - nåværende
✓		Havn - fremtidig
✓		Parkering - nåværende
✓		Parkering - fremtidig
✓		Trase for teknisk infrastruktur - nåværende



- ✓  Grønnstruktur - nåværende
- ✓  Friområde - nåværende
- ✓  Friområde - fremtidig
- ✓  Park - nåværende
- ✓  Landbruks-, natur- og friluftsmål samt reindrift - nåværende
- ✓  LNFR-areal - nåværende
- ✓  LNFR-areal ,Spredt bolig-, fritids- og næringsbebyggelse - fremtidig
- ✓  LNFR-areal ,Spredt boligbebyggelse - nåværende
- 
- ✓  LNFR-areal ,Spredt boligbebyggelse - fremtidig
- 
- ✓  LNFR-areal ,Spredt næringsbebyggelse - fremtidig
- 
- ✓  Bruk og vern av sjø og vassdrag med tilhørende strandsone - nåværende
- ✓  Ferdsel - nåværende
- ✓  Farleder - nåværende
- ✓  Småbåthavn - fremtidig
- ✓  Fiske - nåværende
- 
- ✓  Akvakultur - nåværende
- ✓  Akvakultur - fremtidig
- ✓  Drikkevannr - nåværende
- ✓  Drikkevannr - fremtidig
- ✓  Naturområde vann - nåværende
- ✓  Friluftsområde - nåværende
- ✓  Friluftsområde - fremtidig
- ✓  Kombinerte formål sjø og vassdrag - nåværende

## 2.5. Oversikt over innspel og oppsummert tilråding

Under følgjer ei oversikt over innspela som er kome inn.

Nokre innspel vart luka ut før planen vart lagt på høyring første gong fordi dei ikkje var i tråd med planprogrammet. Etter 1. gongs høyring var det ytterlegare fire innspel på land som vart teke ut av planen.

Desse var:

Innspel	Gbnr	Føremål	Kommentar	Tilråding
8/9/17	90/1	Næring	Ynskje om å utvikle hotell, småbåtanlegg og badeplass	Ikkje tilrådd etter 1. gongs høyring. For stor landskapspåverknad og naturinngrep.
4	79/2	Bustadføremål	Opne opp for eit par bustadtomtar	Ikkje tilrådd etter 1. gongs høyring. Grunneigar negativ.
41	62/3	Næring	Endring frå LNF/FFNF til næring	Ikkje tilrådd etter 1. gongs høyring. Må vike for næringsutvikling.
42	62/3	Småbåtanlegg	Endring frå LNF/FFNF til småbåtanlegg	Ikkje tilrådd etter 1. gongs høyring. Må vike for næringsutvikling.

I tillegg vart følgjande akvakulturinnspel tatt ut av planframlegget etter 1. gongs høyring:

Innspel 21/1	Ospeneset
Innspel 48/2	Søre Rudsosen
Innspel 48/3	Kvitenesosen/Torvososen
Innspel 48/4	Koksøyra
Innspel 48/5	Klavneset
Innspel 48/6	Kvernevågen
Innspel 48/7	Vågane
Innspel 48/8	Åra
Innspel 48/9	Fonna

Følgjande innspel på land vert då tatt med vidare i planen:

Innspel	Gbnr	Føremål	Kommentar	Tilråding	ID i kart
2/13	90/1, 79/10	Bustadføremål	Endre frå LNF spreidd til bustadsfelt	Tilrådd	B_64 (Sande)
22	45/5 m.fl	Bustadføremål	Justering av eksisterande bustadområde, og erstatte LNF til Bustad	Tilrådd	B_39 (Dalsøyra)

43	95/1	Bustadføremål	Endre frå LNF til bustadføremål	Tilrådd	B_66 (Myra, Byrknes)
	95/7, 95/256	Bustadføremål	Endre frå LNF til bustadføremål	Tilrådd	B_67 (Nedgardsvika, Byrknes)
27/40	61/1, 62/1 og 62/3	Næring	Endring frå LNF og Naturområde til Næring/Hamn	Tilrådd	BN_13 og H09 (Sløvåg/Steinsøya)
36	83/2	Turisme og utleige	Omgjering av LNF til turisme og utleige	Tilrådd	BFT_13 (Vassvika)
45	Gbnr: 95/290, 95/189, 95/170, 95/233, 95/232, 95/250, 95/64	Næring	Ynskjer å gjere om LNF til næring	Tilrådd	BN_08 (Kalvøyna, Byrknes)
47	139/6	LNF spreidd næring	Endre frå LNF til LNF spreidd næring til turisme og utleige	Tilrådd	LS_16 (Breidvik)
	95/7 og 95/256, m.fl.	Næring	Endre frå anna bygg og anlegg til næring (hotell og anna anlegg)	Tilrådd	BN_25 (Nedgardsvika, Byrknes)
1/18	15/15, 15/252	Naust	Endre deler av område frå bustad til Naustføremål	Tilrådd	BAB (Eivindvik, Prestesundet)
5	79/1-5, 79/11	Naust	Leggje til rette for fleire naust for nye bustadeigendomar	Tilrådd	BAB (Sandevika)
6	79/1-5, 79/11	Småbåtanlegg	Leggje til rette for bølgedempar og lite småbåtanlegg	Tilrådd	SA16 (Sandevika)
23	45/5 m.fl	Naust	Endre frå LNF til Naustføremål	Tilrådd	BAB (Myrsvika)
24	45/5 m.fl	Småbåtanlegg	Utviding av avsatt areal i KP men behalde antall plassar	Tilrådd	SA08 (Myrsvika)
31	95/26	Småbåtanlegg	Flytte område allereie eksisterande i KP lengre aust. Småbåtanlegg og naust.	Tilrådd	BAB (Slåttevika)
32	95/24, 95/30, 95/23, 95/46, 95/31, 95/40	Småbåtanlegg	Endre frå FFNF til å utvide eksisterande småbåtanlegg avsett i KP	Tilrådd	SA10 (Klauvågen)
35	75/4	Småbåtanlegg	Endre frå LNF til småbåtanlegg	Tilrådd	SA11 (Storevågneset)

#### Høyringsutkast

3	79/6	LNF	Tilrettelegging av sanitæranlegg for badegjestar	Tilrådd	BAB_08 (Sande)
39	117/6	Idrettsanlegg	Endring frå LNF til idrettsanlegg og skytebane med omsynssone	Tilrådd	BIA_7a (Oppedal)
49	62/2, 62/37, 62/4, 62/1, 62/3, 62/8, 62,5, 62.34,	Gang- og sykkelsti	Omgjering av LNF til sykkel og gangsti.	Tilrådd	GS12
50	95/24	Offentleg tenesteyting	Endre frå boligføremål til offentleg og privat tjenesteyting.	Tilrådd	BOP_12 (Sjurmarka/Barnehage)


I tillegg vart desse akvakulturinnspela tatt med vidare i planen:

Innspel 21/2	Bårøyna	ID kart: VA_31
Innspel 21/3	Kuøyna	ID kart: VA_26
Innspel 21/4	Leiholmane	ID kart: VA_27
Innspel 21/5	Hardbakkneset	ID kart: VA_18
Innspel 21/6	Gråvika	ID kart: VA_38
Innspel 48/1	Straumeøyna	ID kart: VA_46

## 3.0 Bustad

### 3.1 Innspel 2 og 13 Arehaugen Sande (B\_64)

<b>Referanse:</b>	JP 17/8215	<b>Gbnr:</b> 90/1 og 79/10
<b>Innspel frå:</b>	Sande Kailag og Grunneigar Bjørn Inge Tolleshaug	
<b>Dagens føremål:</b>	LNFR spredt bustad- fritids eller næringsbebyggelse	
<b>Føreslått nytt føremål:</b>	Bustadfelt/fortetting	
<b>Arealstørrelse:</b>	63,2 daa	
<b>Kort omtale av tiltaket:</b>	<p>Arehaugen ligg mellom bygda Sande og Kittelsvik/Hobbersvika. Sørøst og vest for området er det bustadhus og fritidshus. Det lokale laget ynskjer å leggje til rette for ein god plass å bu for framtida. Dei vil gjere det attraktivt for arbeidspendlarane å flytte hit med familiar. Skipavik næringspark AS har kome med innspel generelt for Sandebygda der dei ynskjer å " Setje av areal til bustader, utleigebygg/rorbuer, naust og velferdstiltak i Sandebygda".</p>	



### Konsekvensutgreiing

Tema	Konsekvens (påverknad/verdi)	Merknadar
------	---------------------------------	-----------

<b>Kulturminne/ kulturmiljø</b>	0 (P0xV1)	Det er ikkje registrert automatisk freda kulturminne/ kulturmiljø innanfor eller like utanfor området. Det er fire tørrsteinmurar innanfor området
<b>Landskap</b>	-1 (P-1xV1)	Åpen skrin fastmark med kratt og sporadisk lauvskog. Står i fare for attgroing. Høgste punkt er 40moh, lågaste er 11moh. Noko naturinngrep vil være nødvendig for utforming av tomter. Ny utbygging må terrenntilpassast. Utbygging vil bli ein del av allereie etablerte bygningsmiljøet som ligg sør-aust for området.
<b>Strandsone</b>	0 (P0xV1)	Ligg ikkje i strandsone
<b>Landbruk</b>	0 (P0xV1)	Ingen dyrkbar jord eller skogsområder. Arealtypen open fastmark i AR5. Ikkje registrert brukt til busdyr eller beitebruk, heller ikkje jordbruk.
<b>Naturmangfald</b>	0 (P0xV1)	Ingen utvalde eller viktige naturtypar, artar av nasjonal eller lokal interesse, verneområde eller truga artar. Område for vilt og anna dyreliv som normalt.
<b>Naturressursar</b>	0 (P0xV1)	Det er dårleg eller ingen skogbonitet for største delar av området, dei små områda som er berørt er uproduktive og impedimentområde. Grunnforholda er faste fjell i dagen og grunnlendt, ingen lausmassar. Det er ein fjellbrønn sør for området tilhøyrande ei hytte. Området er delt i to der den vestre delen ikkje er grunnvannpotensiale og den austre delen er begrensa grunnvannpotensiale.
<b>Miljø/Folkehelse</b>	4 (P2xV2)	Radon er moderat til lav. Friluftsområde er tilgjengeleg rundt heile området men sjølv området er ikkje nytta til det. Leikeplass m.m. og sjø/badestrand er lokalisert 600m lengre aust på Sande. Turpostar langs vegen. Det er også badestrand i Håbergervika og ein stein/sandstrand i Kittelsvika. Bukvaliteten er bra med utsikt til sjø og svært gode soltilhøve heile året.
<b>Friluftsliv</b>	0 (P0xV1)	Er ikkje del av regionalt viktige friluftsområder. Området er heller ikkje særleg nytta som friluftsområde lokalt, då det er andre, meir attraktive friluftsområder i nærleiken.
<b>Samfunn og infrastruktur</b>	4 (P2xV2)	Området er avsett til spredt bustad. Avkjøyrsløp til området går ut i kommunal veg som er bunde saman med Fv4 på Sande. Tiltaket vil auke trafikken noko. På Sande ved den gamle barnehagen er det busstopp 600m aust for området der det er bussforbindelsar morgon og kveld, og skulebussen køyrer til snuplass i Kittelsvik. Avstand til oppvekst- og eldresenter, butikkar m.m. er ca 16 km til Byrknes. Arbeidsplassar er 2 km til Skipvaik som næraste, 10km til Mjømna og 14,5 til Sløvåg. Vatn via privat vassverk. Avløp må etablerast. Det går ein kraftledning i sør-aust av området.
<b>Born og unge</b>	4 (P2xV2)	Nye bustader er med på å byggje opp om gode oppvekstmiljø for born og unge. Det er korte avstandar til næraste barnehage og skule. Ein må sikre god ferdsel for mjuke trafikantar til og frå til busshaldeplass på Sande.

## ROS-analyse

Mogleg hendingar/ potensiell fare	Utløysande årsak til hending, evt. kombinasjon av årsaker	Merknad
--------------------------------------	--	---------

### Høyringsutkast

<b>1. Forureining (jord, luft, vatn, støy)</b>	Støy pga. auka trafikk.	Auka innbyggjartal vil vere med på å auke trafikken inn og ut av bygda.
	Støy, støv og utslepp til luft frå nærliggande næringsområder.	Det er tidvis meldt om støy og sand i luft frå næringsverksemdene i Skipavika, Sløvåg og Mongstad. Støy viktigaste utfordring.
	Utslepp til sjø frå avløpsanlegg.	Dette vert det til dels jobba med å redusere. Det er også høgre førekomst av andre typar utslepp til luft i industriområdet enn i resten av kommunen. Bustadfeltet ligg like ved mykje brukt badeplass og planlagt naust/småbåtanlegg med eventuell bølgedempar. Gode løysingar for avlaupshandteringa som tek omsyn til dette må sikrast.
<b>2. Klima og ekstremvær</b>	Vind, nedbør	Området kan vere vindutsatt, og det kan kome store nedbørsmengder. Arealet går ikkje heilt ned til sjøen og unngår difor utfordringar knytt til stormflo og flaum. Heller ingen ras- og skredfare.
<b>3. Beredskap og ulukkesrisiko</b>	Husbrann, akutt sjukdom	Brannstasjon på Byrknes 16 km unna og ambulanse på Dalsøyra med ca. 20 min utrykkingstid. Låg vegstandard med til tider stor trafikk kan forseinke utrykkingstida.
<b>4. Transport og trafiksikring</b>	Trafikkulukke, ulukke med mjuke trafikantar	Smal veg utan tilrettelegging for mjuke trafikantar.

	RISIKO															Sannsyn ↑
	Liv og Helse					Miljø (ytre)					Materielle verdiar					
	1	2	3	4	5	1	2	3	4	5	1	2	3	4	5	
5	1															
4		3					1									
3			4								4	2				
2							2,3				1		3			
1			2													
	1	2	3	4	5	1	2	3	4	5	1	2	3	4	5	
	Konsekvens →															

**Vurdering:** Området er gunstig lokalisert og binder Kittelsvik/Håbervika saman med Sande som allereie er etablerte bebudde områder i kort avstand til offentlege tenester og arbeidsplassar. Eksisterande infrastruktur talar for utbygging samt at området har kvalitetar som gjer at det eignar seg til bustader, blant anna god utsikt og gode soltilhøve. Området vert ikkje nytta til noko i dag og kan bidra positivt for folkehelsa og oppvekstmiljø.

Området er lite utsatt for klimapåkjenningar. Ureining i form av støy og luftureining er litt høgare her enn elles i kommunen.

Tilråding for 2. gongs høyring og offentleg ettersyn: Innspelet vert teke med vidare.

### 3.2 Innspel 22 Myrsvika Dalsøyra (B\_39)

<b>Referanse:</b> 19/25	<b>Gbnr</b> 45/5 m.fl.
<b>Innspel frå:</b>	A-Stab AS
<b>Dagens føremål:</b>	Boligbebyggelse i KP og LNF
<b>Føreslått nytt føremål:</b>	Boligbebyggelse, endra område i KP og kart, men same føremål
<b>Arealstørrelse:</b>	33,3 daa
<p><b>Kort omtale av tiltaket:</b> Område for bustad og småbåtanlegg er sett av i gjeldande KPA. Innspelet går ut på å endre føremålsgrensene på bustadfeltet i gjeldane KPA for å redusere påverknad på landbruket. Føremålsgrensa er flytta tl sørsida av bekken og lengre ned mot sjø ved å konsentrere området.</p>	



#### Konsekvensutgreiing

Tema	Konsekvens (påverknad/verdi)	Merknader
Kulturminne/ kulturmiljø	-2 (P-1xV2)	Det er ikkje registrert automatisk freda kulturminne/ kulturmiljø innanfor området, men like utanfor området langs sjøkanten er det registrert to naust og tre naustruinar i SEFRAK-registert. Ein steinmur i området må takast vare på, samt ei gamal steinbryggje (lastebryggje). For bryggja og området rundt er det tilrådd omsynssone H570 med føresegner som seier at det ikkje kan gjerast endringar på den gamle steinbryggja.

Høyringsutkast



<b>Landskap</b>	-4 (P-2xV2)	Området går frå 0 moh til 27 moh. Landskapsverdien lokalt og regionalt nivå er vanleg førekommende landskap klasse C. Småsund- og storsund landskap, ytre fjordbygdene på Vestlandet. Grunnen er av moreneavsetninger. Noko silhuettverknad vil det bli, men det er høgdeforskjellar, og ved god plassering må ein prøve å unngå at nokon mister utsikten. Etablering av bustadfelt vil vere eit betydeleg inngrep i landskapet, og vil bli synleg frå sundet, og allereie bebygde områder ovanfor og rundt. Positivt å prøve å konsentrere området meir, istadenfor å strekke det ut som det er gjort i KP i dag.
<b>Strandsone</b>	-4 (P-2xV2)	Rundt halve arealføremålet ligg innanfor 100 m. beltet. For å sikre ferdsel og tilgang til strandsona må det takast omsyn til dette i reguleringsplanen. Det kan gjerast t.d. ved å leggje inn eit grøntområde. Tiltaket må også sjåast i samanheng med innspel 23 og 24 som gjeld å etablere naustområde og småbåthamn som sikrar tilgang til sjø og tilrettelegger for opphald for allmenta i strandsona. Viktig at den ikkje vert gitt preg av å vere privat, men at området kan nyttast av heile bygda.
<b>Landbruk</b>	-4 (P-2xV2)	Området kjem innom alle jordbrukskategoriar og vert brukt til føremåla. Overflatedyrka jord, fulldyrka jord, innmarkebeite og litt skog med sær s høg bonitet. Ved å konsentrere området til ein side av bekken vil ein ikkje berøra utsiden av bekken sine jorbruksareal. Lengre vest for tenkt område vil det framleis være beite for sau slik det er i dag.
<b>Naturmangfald</b>	-1 (P-1xV1)	Midt i området er det registrert Kjempeslirekne som er ein fremmed art, med høg økologisk risiko. Fjerning av denne planten vil være bra for område. Aust for området, nær vegen er det kartlagd stær som er nært truga fugle art. For den er det bra at ein omdisponerar området og trekk området lengre vest. Ellers er område for vilt og anna dyreliv som normalt.
<b>Naturressursar</b>	-2 (P-1xV2)	Av naturressursar er det 9,5daa produktiv lauvskog i områdelangs sjø og bekk. Det er ingen infrastruktut eller skog som vil bli drifta for skogbruk. Ute i sundet, Eidfjorden er det aktiv redskapsfiske og rekefelt. Vest for området, ved butikk mm. er det avsett område gytefelt for torsk, men dette er ikkje i kontakt med Myrsvika. Utbygging i dette område vil ikkje råke naturressursane om ein bevarar skogsområde og bekken som friområde i eventuell plan. Det er tynn morene i området, ingen grunnvasspotensiale eller energibrønner i område.
<b>Miljø/Folkehelse</b>	4 (P1xV2)	Gjeldande område har moderat til lav radon nivå. Fleir bustader vil auke støy noko. Utbygging i område vil auke tilgong til sjø og aktivitetane knytt til sjø. Bustadfelt vil føre med seg krav om reguleringsplan og dermed krav om leikeplass som er positivt for miljø/folkehelse. Soltilhøve er grei, men det ligg nedi i ein dal og vil på grunn av høge fjell ikkje ha full sol heile året. Veg i området må tilpassast slik at universell bruk av vegen vert tilrettelagd, ikkje for bratt. Bør tilretteleggjast slik at bebuarar på PU-bustadane kan komme seg ned til sjøen.

Friluftsliv	2 (P1xV2)	Området vert i noko grad nytta til friluftslivsaktivitetar som turgåing og opphald langs stranda når det er fint vær. Aust for bekken i Myrvika er det avsett i KP til friområde i sjø/badestrand. Sett i samanheng med plan burde dette området inkluderast i planen for å auke tilgongen til sjø for ålmenta.
Samfunn og infrastruktur	6 (P3xV2)	Etterspørselen etter hus på Dalsøyra er aukande, det er allereie entrepenørar som ynskjer byggje ut området klare om området vert godkjend. Vegen til området vil bli knytt til FV. Vann og avlaup må utredast. Å endre på område som ligg i KP i dag er fordelmessig då det vert meir konsentrert bygging av bustader. Området ligg i eit av dei fire bygdesentera som er satsingsområde for utvikling. Gangavstand til skule og barnehage, samt andre tenestetilbod.
Born og unge	2 (P2xV1)	Fleir bustader og tilgong til strand, båtaktivitet vil auke trivselen for dei unge. Nytt bestadfelt vil gi moglegheiter for å leggje til rette for ulike typer bustadar retta mot innbyggjarar i alle fasar i livet. Dette er positivt.

## ROS-analyse

Mogleg hendingar/ potensiell fare	Utløysande årsak til hending, evt. kombinasjon av årsaker	Merknad
1. Forureining (jord, luft, vatn, støy)	Utslepp til sjø, støy	Støy på grunn av auka aktivitet. Må sikrast gode løysingar for vatn og avløp.
2. Klima og ekstremvær	Vind og ekstremvær. Havnivåstiging og stormflo.	Ligg utanfor aktsemdssone for skred. Bustadfelt går ned til strandsona og her må det takast omsyn til havnivåstiging og stormflo, samt bølgepåslag. Det same gjeld også tilhøyrande naust og småbåtanlegg. Dette gjerast i detaljregulering.
3. Beredskap og ulukkesrisiko	Husbrann. Akutt sjukdom. Uhell/personskade ved aktivitet i eller nær sjø.	Både ambulanse- og brannstasjon på Dalsøyra.
4. Transport og trafikkisikring	Uluke ved avkjørsle eller med mjuke trafikantar.	Tiltak krev ny avkjørsle til F57. Må sikre tilstrekkeleg område for parkering/snuplass ved naust- og båtområde, samt strand.

	RISIKO												Sannsyn ↑
	Liv og Helse				Miljø (ytre)				Materielle verdier				
5													
4										2			
3	1,2	3,4				1,2				4			

2															
1						3,4									
	1	2	3	4	5	1	2	3	4	5	1	2	3	4	5
	Konsekvens →														

**Vurdering:**

Området ligg allereie i KP som vidare utvikling av det eine bygdesenteret i kommunen med bustadføremål på deler av området. Ved å trekke området vest og byggje meir konsentrert vil ein frigjere områder aust for bekken, som då kan drivast vidare som jordbruksareal og sikre eit grøn sone bak tenkte badestrand/friområde i Myrsvika.

Ein vil flytte strandsona/byggjegransa lengre ned mot sjø ved dette innspelet. For å halde strandsona og ferdsel for ålmenta inntakt ved sjøen kan ein ved reguleringsplan sørge for at det vert grøntareal mellom sjø og busetnad. Behovet for fleire bustader er gjeldande på Dalsøyra. Samfunnsplanen ynskjer folketalsauke, dette er eit av verkemidlane til å nå det målet med attraktive tomtar nær butikk, og oppvekstsenter. Ved at området som i dag er avsett til busetnad vert flytta, får ein tilbakeført landbruksområde som er av høgre verdi enn det nye området som vert av sett til bustad.

Bør tilretteleggjast slik at bebuarar på PU-bustadane og omsorgssenteret kan komme seg ned til sjøen.


ROS-analysen: ROS-analysen er utført med utgangspunkt i at innspelet gjeld både bustadområde, naustområde og småbåtanlegg. Det er ingenting i ROS-analysen som tilseier at dette innspelet ikkje bør gjennomførast.

**Tilråding for 2. gongs høyring og offentleg ettersyn:**

Tiltaket vert teken med til 2. gongshøyring og offentleg ettersyn. Endring av avsett område i KP og flytting av strandsona/byggjegransa. Vilkår om at det vert teke omsyn til å tilrettelegge spesielt for bebuarar på PU og bu- og omsorgssenteret sin tilkomst til strandsona.

### 3.3 Innspel 43 Marka Byrknes (B\_66)

Referanse: 19/7321	Gbnr 95/1
Innspel frå:	May-Inger Birknes med familie/Formannskapet
Dagens føremål:	LNF
Føreslått nytt føremål:	Bustadføremål
Arealstørrelse:	191daa
Kort omtale av tiltaket: Eigar ynskjer å gjere om føremålet LNF til LNF-Spreidt med tanke på å selje 1-4 tomtar for bustad. Området ligg ca 1km frå oppvekstsenter med skule og barnehage. 350 meter frå etablert badestrand og 650-800 meter frå butikk og eldrecenter.	



## Konsekvensutgreiing

Tema	Konsekvens (påverknad/verdi)	Merknader
Kulturminne/ kulturmiljø	-4 (P-2xV2)	Området er eldre, grunnlendt beitemark med kystlynghei med blanding av beiteareal og fjell i dagen. Det er ikkje registrert automatisk freda kulturminne/ kulturmiljø innanfor området, men like ved ligg det fleire SEFRAK-registrerte kulturminner. Dei fleste er ruinar etter vårfjøsar vest og nord for området. Vårfjøsane og eit godt område rundt må få omsynssone H570 med føresegner som tek vare på det spesielle kystlandskapet.
Landskap	-4 (P-2xV2)	Våg og smalsund langs kystbygdene på vestlandet. Lokalt og regionalt vanleg førekomme landskap klasse C. Bart fjell i dagen med snau vekst, grunnlendt. Nord vestrehjørne er det myr og organisk materiale. Det er naudsynt med inngrep for plassering av hus i område, men det er noko høgdeforskjell, og ein skal kunne unngå silluettverknad.
Strandsone	-2 (P-1xV2)	Føremålsområdet er markert heilt ned til sjølinja, men det må leggjast inn byggjegrense med god buffer mot sjøkanten slik at allmenn tilgang til strandsona ikkje vert påverka.
Landbruk	-1 (P-1xV1)	Området er ikkje dyrkbart, men det beitar sau der om sommaren.
Naturmangfald	-1 (P-1xV1)	Ingen utvalde eller viktige naturtypar, artar av nasjonal eller lokal interesse, verneområde eller truga artar. Område for vilt og anna dyreliv som normalt.
Naturressursar	0 (P0xV1)	Området er grunnlendt og impediment. Det er ikkje skog. Ingen grunnvasspotensiale
Miljø/Folkehelse	2 (P2xV1)	Radon i området er usikkert og må undersøkast nærmare ved bygging. Noko støyauke, men ikkje meir enn forventa ved opparbeiding av tomt. Soltilhøva er svært bra, men det kan være litt vind. Friluftsområde er det rundt heile området med badestrand og turløyper i nærleiken.
Friluftsliv	-1 (P-1xV1)	Ingen viktige friluftsløypar eller område. Men er nærliggande til fleire løypar.
Samfunn og infrastruktur	6 (P3xV2)	Utbygging i dette området krev ikkje dei største inngrepa. Ein kan kople seg på fylkesvegen som går langs området. Straum og vatn går forbi området. Området ligg innanfor grensene til det som vert rekna som Byrknes sentrum og vil verte ei forlenging av allereie eksisterande bustadområde.. Innspelet er i tråd med planprogrammet og har stor samfunnsnytte. Kort avstand til fellesanlegg for småbåtar og tilrettelagd badevik i Tausevågen.Gangavstand til skule og barnehage.
Born og unge	2 (P2xV1)	Nye bustader og utbygging er med på å byggje opp om gode oppvekstmiljø for born og unge. Ein må sikre god ferdsel for mjuke trafikantar.

## ROS-analyse

Mogleg hendingar/ potensiell fare	Utløysande årsak til hending, evt. kombinasjon av årsaker	Merknad
1. Forureining (jord, luft, vatn, støy)	Trafikkstøy, vatn og avløp	Til tider stor trailertrafikk frå fiseslakteriet på Byrknes. Må etablerast gode løysingar for vatn og avløp. Badevik like ved området.
2. Klima og ekstremvær	Vind, nedbør. Evt. havnivåstiging og stormflo.	Noko vindutsatt. Må ta høgde for havnivåstiging og stormflo dersom byggjegrensa vert satt nær sjøen. Ingen ras- og skredfare.
3. Beredskap og ulukkesrisiko	Husbrann, akutt sjukdom, ulukke ved sjø	Under 1 km til brannstasjon på Byrknes. 30 km til ambulansestasjon. Dårleg vegstandard kan seinke utrykkingstid.
4. Transport og trafikkisikring	Uluke ved avkjørsle.	Ny avkjørsle til F4 må etablerast

	RISIKO															Sannsyn ↑
	Liv og Helse					Miljø (ytre)					Materielle verdiar					
5	Yellow	Red	Red	Red	Red	Yellow	Red	Red	Red	Red	Yellow	Red	Red	Red	Red	
4	Yellow	Yellow	Red	Red	Red	Green	Yellow	Red	Red	Red	Green	Yellow	Red	Red	Red	
3	Green	3	Red	Red	Red	Green	Green	Yellow	Red	Red	2	3	Yellow	Red	Red	
2	Green	4	Yellow	Red	Red	Green	1,2	Green	Yellow	Red	Green	Green	Green	Yellow	Red	
1	1	2	Yellow	Yellow	Red	3	Green	Green	Green	Yellow	1	4	Green	Green	Yellow	
	1	2	3	4	5	1	2	3	4	5	1	2	3	4	5	
	Konsekvens →															


**Vurdering:** Endring av føremål til bustad vil flytte bustadområde på Byrknes austover og kan verte positivt for samfunnet. Området ligg innanfor Byrknes sine grenser og i nærleik til barnehage/skule og andre tenestetilbod, og ligg også langs eksisterande skuleveg. Det er ikkje ynskeleg med fritidsbustader i dette området. Kommunen ynskjer å utvide området utover det som er spelt inn for å sjå utviklinga for bustadar i eit større perspektiv. Reguleringsplan må sjå området i samanheng med dei to eksisterande bustadane på nordsida av vegen. Det vil vere reguleringsplankrav for området. Området ligg også ved sidan av område satt av til næringsføremål i arealplanen.

### Tilråding for 2. gongs høyring og offentleg ettersyn:

Tiltaket vert teken med til 2. gongs høyring og offentleg ettersyn. Endra føremål og utvida område.

### 3.4. Politisk innspel -Byrknes (B\_67)

<b>Referanse:</b>	JP	<b>Gbnr:</b> 95/7 og 95/291
<b>Innspel frå:</b>	Stein Inge Larsen	
<b>Dagens føremål:</b>	LNF	
<b>Føreslått nytt føremål:</b>	Bustad	
<b>Arealstørrelse:</b>	7,5 daa	
<b>Kort omtale av tiltaket:</b> Det er varsla planoppstart for reguleringsplan for bustadar og hotell på gbnr. 95/7, 95/291 og 95/256 m.fl. I den samanheng er det ynskjeleg at området nedanfor som er merka med blått vert endra frå LNF til bustad for at reguleringsplanen skal verte i tråd med overordna plan. Den austlegaste delen som ikkje er bebygd skal nyttast til park/leikeområde. Eksisterande bustadar i området vert nytta som fritidsbustadar. Området er ikkje mogleg å nytte som landbruksareal.		



#### Konsekvensutgreiing

Tema	Konsekvens (påverknad/verdi)	Merknadar
Kulturminne/ kulturmiljø	-2 (P-1xV2)	Den eine bygningen på området er eit SEFRAK-registrert våningshus frå 1800-talet som vert nytta som fritidsbustad. Bygningar er dårleg vedlikehaldt. Ruin etter driftsbygning ligg like utanfor føremålsområdet. Grensar til reguleringsplan for Barvågen, som har til føremål å å sikre vern av bygg og kulturlandskap i området rundt Barvågen. Landskapet, samt god buffer mot bygningar i Barvågen gjer at endra arealføremål ikkje påverkar omsyna bak reguleringsplanen.

<b>Landskap</b>	-1 (P-1xV1)	Landskapet ber preg av å vere eit kystlandskap i overgang mellom land og hav, småkupert kystslettelandskap. Området har representativt/vanleg førekommande landskap. Tomta nedanfor det planlagte bustadområdet er allereie sprengt ut og planert, og endring av føremål vil ha noko påverknad på landskapsbiletet, men i moderat grad.  Området består hovudsakleg av utmark med noko vegetasjon. Terrenget skrår ned mot vegen i Nedgardsvika.
<b>Strandsone</b>	0 (P0xV1)	Strandsona i framkant av føremålsområdet er allereie sprengt ut, og dei tradisjonelle strandsoneverdiane vert ikkje påverka. Føremålsområdet ligg i all hovudsak innanfor byggjegransa mot sjø.
<b>Landbruk</b>	0 (P0xV1)	Inga dyrka mark eller beiteområde. Landbruksomsynet vert ikkje påverka.
<b>Naturmangfald</b>	-2 (P-1xV2)	Det er registrert fulgar av særleg stor forvaltningsinteresse i nærleiken av området; alke, lomvi, vipe, hettemåke, svartbak, storsporve, makrellterne, havørn, horndykker, gråsisik, bjørkefink, skjærpiplerke, heipiplerke, gråtrost og dvergdykker. Her er det og registrert artar av stor forvaltningsinteresse: ærfugl, fiskemåke, gjøk, kornkråke, bergirisk, stær, havelle og svartand. Dette er artar som ein finn på store deler av Byrknes, og det er lite truleg at endring av arealføremålet vil påverke artane i særleg grad.
<b>Naturressursar</b>	0 (P0xV1)	Det er ikkje registrert grus- eller pukkførekomstar i området. Bergart består av mangeritt til gabbro, gneis og amfibolitt. Ingen konsekvens for naturressursar.
<b>Miljø/Folkehelse</b>	-1 (P-1xV1)	Det er ikkje registrert kjelder av utslepp eller grunnureinng i eller nær området. Noko støy frå båttrafikk på dagtid, men ingen registrerte støykjelder. Endring av arealføremål vil kunne auka støy noko ved at det vert auka aktivitet/ferdsel. Ikkje noko utover det som må kunne påreknast i tettbebyggd strøk. Moderat/usikker aktsomhet for radon.  Veldig gode soltilhøve. Føremålsendring påverkar ikkje dette. Påverkar heller ikkje tilgang til friluftsområde, sjø eller liknande.
<b>Friluftsliv</b>	2 (P2xV0)	Området vert ikkje nytta som friluftsområde. Det er bratt terreng rundt, og området rundt har inntil nyleg vore dekkja av tett skog og kratt. Deler av området skal leggjast til rette som park/leikeområde som skal kunne nyttast av alle.
<b>Samfunn og infrastruktur</b>	6 (P3xV2)	Tilrettelegging av bustadområde her er i tråd med planprogrammet, kommuneplanen og overordna retningslinjer. Det er ein del av Byrknes sentrum, med gangavstand til butikk, oppvekstsenter og andre tenester. Føremålsendring vil vere ei mindre utviding av område som allereie er avsett til bustad, og i praksis leggje til rette for fortetting av eksisterande bustadområde.  Tilkomst må utbetrast.  Må sjåast i samanheng med påstarta reguleringsplanarbeid med ynskjer om å etablere hotell og leggje til rette for bustadutvikling like ved. Gjeldande område vil vere ein del av denne reguleringsplanen.



<b>Born og unge</b>	3 (P3xV1)	Området vert ikkje nytta av born og unge i dag. Betre tilrettelegging for bustadutvikling vil kunne vere med på å auke folketalet og skape betre oppvekstmiljø på Byrknes. God tilgang til skule og barnehage. Gåavstand og god kapasitet.
---------------------	--------------	--

## ROS-analyse

Mogleg hendingar/ potensiell fare	Utløysande årsak til hending, evt. kombinasjon av årsaker	Merknad
<b>1. Forureining (jord, luft, vatn, støy)</b>	Trafikkstøy, vatn og avløp	Noko støy knytt til båttrafikk ved molo må påreknast. Betre løysingar for avløpshandtering på Byrknes må vurderast.
<b>2. Klima og ekstremvær</b>	Vind, nedbør.	Veldig vindutsatt på toppen, men nordaustlege delen ligg i ly. Ikkje Ingen ras- og skredfare. Evt. havnivåstiging og stormflo vil ikkje påverke dette området.
<b>3. Beredskap og ulukkesrisiko</b>	Husbrann, akutt sjukdom, fall.	Kort avstand til brannstasjon på Byrknes. 30 km til ambulansestasjon. Dårlig vegstandard kan seinke utrykkingstid.
<b>4. Transport og trafikkisikring</b>	Uluke ved avkøyrsløp.	Tilkomstveg må utbetrast.

	RISIKO															Sannsyn ↑
	Liv og Helse					Miljø (ytre)					Materielle verdiar					
5	■	■	■	■	■	■	■	■	■	■	■	■	■	■	■	
4	■	■	■	■	■	■	■	■	■	■	■	■	■	■	■	
3	■	3	■	■	■	■	■	■	■	■	■	■	■	■	■	
2	■	2,4	■	■	■	■	2	■	■	■	2,4	■	■	■	■	
1	1	■	■	■	■	1,3	■	■	■	■	1,3	■	■	■	■	
	1	2	3	4	5	1	2	3	4	5	1	2	3	4	5	Konsekvens →

**Vurdering:** Endring av føremål frå LNF til bustad vil bidra til å leggje til rette for fortetting av bustadområde på Byrknes. Venta vekst i arbeidsplassar i det private næringslivet fører til auka behov for bustadar. Den oppstarta reguleringsplanen skal leggje til rette for bustadar av ulike størrelsar og prisklassar. Den aktuelle endringa av føremål får ingen negative konsekvensar, men kan leggje til rette for ei viktig utvikling av Byrknes som tettstad. Deler av området skal leggjast til rette som park/leikeområde. Dette er positivt for heile bygda. Området ligg innanfor Byrknes sine grenser og i nærleik til barnehage/skule og andre tenestetilbod.


### Tilråding for 2. gongs høyring og offentleg ettersyn:

Tiltaket vert teken med til 2. gongs høyring og offentleg ettersyn. Endra føremål frå LNF til bustad.

## 4.0 Næring

### 4.1. Innspel 27 og 40 Eidssaga - Sløvåg/Steinsøya (BN\_13 og H09)

Referanse: 19/26	Gbnr 61/1, 62/1 og 62/3 (Eidsøya, Merkesdalsholmen, Fusholmen står utan matrikkel nr, må undersøkast kven som er)
Innspel frå:	Skipavik Næringspark AS og John Ivar Steine, Wergelandgruppa
Dagens føremål:	LNF med omsynssone for hensyn friluftsliv/naturområde
Føreslått nytt føremål:	Hamn/Næringsområde
Arealstørrelse:	1935 daa (inkludert sjø)
<p>Kort omtale av tiltaket: Utvide eksisterande næringsområde nordover og erstatte LNF med føremål næring/hamn. Ønske om arealutviding er i stor grad knytt til behov for meir hamneområde. Tiltak vil krevje fylling i sjø mellom Steinsøya og fastlandet.</p> <p>I innspel frå Wergelandgruppa (20/4415) vart det vist til fleire forhold som gjer at det er behov for auka kaikapasitet. Dei var i hovudsak knytt opp mot behov for ventebøye, men kommunen forstår det slik at same forhold også er gjeldande for etablering av fast kai.</p> <ul style="list-style-type: none"><li>- Talet på skipsanløp til Sløvåg har auka kraftig dei siste åra og det er difor ikkje lenger ventekai-kapasitet.</li><li>- Alexela Sløvåg AS har inngått langsiktig avtale med Equinor om mellomlagring av oljeprodukt. Dette er med på å auke aktiviteten ved kaiene.</li><li>- Sverdrup-prosjektet har starta leveranse av olje til Mongstad og det er forventa at dette vil føre til positive ringverknadar for næringsaktiviteten i Sløvåg.</li><li>- Equinor har flytta deler av verksemda på forsyningsbasane på Ågotnes og Florø til Mongstad og totalt 14 installasjonar er no forsynt frå Fensfjorden, mot fem tidlegare.</li><li>- Føreligg planar om utbygging av oljeterminal for Equinor (Sverdrup-prosjektet) som vil føre til ytterlegare auka skipstrafikk.</li><li>- Ny tørrdokk vert snart ferdigstilt, der det skal utførast vedlikehald av flytande oljeplattformer. Vil skape auka trafikk.</li><li>- Utbygging av anlegg for dekommisjonering av utrangerte oljeinstallasjonar (hovudsakleg opphugging av skip). Då vil det vere behov for kaiareale for mellomlagring av skip som skal til hugging.</li></ul> <p>Innspel frå Skipavika Næringspark (20/2883) peikar på følgjande forhold som krev auka behov for kaikapasitet:</p> <ul style="list-style-type: none"><li>- Landbasert fiskeoppdrett skal ha tilkomst til sjø.</li><li>- Utfasing av olje- og gassnæringa over tid vil vere arealkrevjande. Har erfart at nedgang i oljesektoren har ført til oppdrag med opplagsfortøying, vedlikehald og nyklassing av boreplattformer. Er difor trong for fleire eigna kaier til dette føremålet i åra som kjem.</li><li>- Ilandføring frå Sverdrup-feltet skjer til Mongstad, i tillegg til at andre operatørar har valgt Mongstad som forsyningsbase. Dette medfører støtteoppdrag til dei andre bedriftene i Sløvåg/Skipavik som krev areal både til vanns, til kai og på land.</li></ul>	



### Konsekvensutgreiing

Tema	Konsekvens (påverknad/verdi)	Merknadar
Kulturminne/ kulturmiljø	0 (P0xV2)	Det er registrert busetting frå steinalderen fleire stader ikkje langt frå føremålsgrrensa, men desse er allereie utgreia i samband med tidlegare utbyggingar av Sløvåg industriområde. Det er ikkje registrert automatisk freda kulturminne/ kulturmiljø innanfor området, men Eidssaga ligg like nord.
Landskap	-6 (P-3xV2)	Småfjord- og storsund Brandanger, kystbygdene på vestlandet. Lokalt og regionalt vanlig førekomme landskap klasse C. 50% av arealet er fjell i dagen, skrin vegetasjon. Fare for attgroing. Dette er synleg landskap får fjorden/sundet og inngrep her vil være svært synleg. Vanskeleg å unngå silhuettverknad. I KP står området som Naturområde. Inon-område ligg på Eidsøya og Skogsøya.

<b>Strandsone</b>	-6 (P-3xV2)	Nesten heile området ligg i strandsona i KP. Ein del av området nord aust av området er utan for strandsona og i byggjesone. Omgjering av område til næring vil ha uheldig verknad på strandsona, og leggje beslag på området. Det vil ikke bli tilgjengelig for ålmenta. Fylling i sjø vil ha negativ påverknad på strandsoneverdien.
<b>Landbruk</b>	-1 (P-1xV1)	Det er eit lite område nord for Sløvåg som eignar seg til oppdyrking til fulldyrka jord. Elles er ikkje tiltaksområdet i bruk til noko lanbruksføremål i dag. Arealtipe skog/barskog, deler ikkje dyrkbar jord.
<b>Naturmangfald</b>	-6 (P-3xV2)	Aust for tenkt område ligg det intakte lavlandsmyrer. I Sløvåg er det observert alke som er truga, klippervinge sommerfugl og ein karplante som ikkje er truga. Ved Eidssaga er det registrert siland som ikkje er truga. Det er registrert taeskog med kun stortare av svært viktig verdi nordvest for Skogsøyna og vidare nordover Brandangersundet. Det ferdast hjort og anna vilt i området i naturleg omfang.
<b>Naturressursar</b>	-3 (P-1xV3)	Sjøområdet ligg i det generelle produsjonsområde nr 4 for fisk mellom nordhordland og stadt. Ingen gytefelt, men blir brukt til passiv fiske. Steinsøya er ikkje tresatt og impediment. Boniteten er open myr, skrinn fastmark, ikkje dyrkbar. I Steinsvågen er det område høg, til sær s høg skogbonitet, treslag barskog. Ingen grunnvannspotensiale i lausmassane eller borehull i området. Det er registrert grus- og pukkforekomst av internasjonal og nasjonal betydning i den delen av området som allereie er regulert til steinuttak.
<b>Miljø/Folkehelse</b>	-3 (P-3xV1)	Endel støy/støv frå grustaket som ligg sør aust for området, og støy/luft/støv frå næring/baseområde sør for tiltak. Nytt næringsområde vil auke støy, luft og støvplager for omegn og forverre det lokale klimaet. Må ha stor buffersone opp mot bustad og fritidsbustadsområde. Radon er moderat til lav utanom eit lite område sør i Steinsvågen som er usikker. Bu og soltilhøve er ikkje relevante fom tiltaket.
<b>Friluftsliv</b>	-1 (P-1xV1)	Deler av føremålsområdet ligg innanfor Fylkesdelplan for arealbruk si markering for regionalt viktige friluftslivområde. Det er også markert som eit lokalt viktig friluftsområde (FRIDA). Begge desse karleggingane er frå 90-talet, så det er truleg at verdien er forringa i dag på grunn av allereie gjennomført industriutvikling. Likevel er det klart at området har nokre kvalitetar som gjer at det bør beskyttast, spesielt knytt øyene Steinsøya, Eidsøya og Skogsøya. Ny kartlegging av viktige friluftsområder i kommunen gir området liten verdi. Området er per i dag nytta til noko turgåing heilt nord. .
<b>Samfunn og infrastruktur</b>	6 (P3xV2)	<p>Dette området ligg i tilknytning til allereie eksisterande industriområde i Sløvåg og Skipavika. Det er kort avstand til tilstøtande industri- og næringsliv og ligg rett ved F57. Fylkesveg går langs heile området og er naturleg påkopling. Kan verte behov for å auke fergekapasiteten.</p> <p>Vatn og avlaup er kritiske faktorar, og ein har erfaring med at vatn allereie er mangelvare i søre delen av Gulen. Dette må takast omsyn til. Samfunnsnytta med næring i dette området er viktig for arbeidsplassar og framtidig auke i folketal. Må ta høgde for eventuell vassledning frå Langevantnet til Sløvåg.</p>

Born og unge	1 (P1xV1)	Liten påverknad for born og unge utover mogleg folkevest grunna fleire arbeidsplassar.
--------------	--------------	--

## ROS-analyse

Mogleg hendingar/ potensiell fare	Utløysande årsak til hending, evt. kombinasjon av årsaker	Merknad
<b>1. Forureining (jord, luft, vatn, støy)</b>	Støy, støv og utslepp til luft frå nærliggande næringsområder.  I annleggsfasen er det ekstra mykje støy. Døgndrift.  Utslepp til sjø frå båtar og kaiaktivitet	Området har allereie utfordringar med støy, støv og lukt frå eksisterande nærliggande næringsområde.  Kan forekomme bruk av farlege stoff ved vedlikehald og arbeid på skip, evt. riggar.
<b>2. Klima og ekstremvær</b>	Vind, nedbør/overvatn, stormflo og havnivåstiging	Området kan vere vindutsatt, og det kan kome store nedbørsmengder. Store kaiområder. Spesielt overvatn må takast omsyn til.
<b>3. Beredskap og ulukkesrisiko</b>	Auka aktivitet i området utløyser auka risiko for uønska hendingar, samt personskade – arbeidsuhell.  Det er stor skipstrafikk i området allereie, samt lasting og lossing og oppankring av oljeplattformer.	Nytt næringsområde må sjåast i samanheng med eksisterande verksemdar.  Det kan verte behov for å auke beredskapen for heile området, eventuelt regulere type næringsverksemd på det nye området til mindre risikoutsatte næringar.  Risikoreduserande tiltak vert handtert gjennom gjeldande lover, løyver, samt interne HMS-rutinar.
<b>4. Transport og trafikkisikring</b>	Trafikkulukker på grunn av auka aktivitet, både inne på området og langs fylkesveg.	

	RISIKO															Sannsyn →
	Liv og Helse					Miljø (ytre)					Materielle verdiar					
5																
4		1						1				3				
3		4					2,4					2,4				
2	2		3					3			1					
1																
	1	2	3	4	5	1	2	3	4	5	1	2	3	4	5	
	Konsekvens →															

**Vurdering:** I planskildringa sitt kapittel 8 er det tydeleggjort kva slags aktivitet som føregår på industriområda i Sløvåg og Skipavika, og kva dei ser føre seg av planlagt aktivitet framover.

Dette er eit område som i arealplanen er avsett til LNF, og nesten heile innspelt område ligg i omsynssone for naturområde/friområde. Eksterne rapportar frå 90-talet har vurdert området til å vere regionalt og lokalt viktig friluftsområde. Ny vurdering av viktige friluftsområder som kommunen held på å kartlegge no vil ikkje vurdere dette området som regionalt viktig. Naturområdet er forringa av eksisterande næringar som er etablerte sør, aust og vest for området.

Samfunnsplanen til Gulen kommune har som mål å leggje til rette for næring, og legg også føringar for å utvikle industriområdet i sørlege deler av kommunen. Dette både for å skape positive ringverknadar ved å ha større miljø, for å konsentrere arealet for denne typen aktivitet til eit bestemt område, og for avgrense negative ringverknadene slike næringsområde kan ha på fast buande og fritidsbustader. Fleire arbeidsplassar vil kunne gje auke i folketal så lenge me samtidig klarar og leggje tilrette for bustader.

Samfunnsnytta ved å gjere dette området om frå LNF til næring vil verte stor for lokale entrepenørar og bedrifter. Som ein fysisk buffer mot andre føremål er det naturleg og bruke havet og avgrense området enten ved Skogsøysundet mellom Eidsøya og Skogsøya, eller heilt sør mellom Steinsøya og Eidsøya inn i Steinsvågen. Vest for innspelt område er det nyleg godkjent reguleringsplan.


**ROS:** Innspelet fører til utviding av næringsområdet. Auka aktivitet aukar også risikoen for at det kan skje ulukker både på person, miljø og materielle skader. Dette må også føre til auka beredskap på land og sjø. Den kommunale beredskapsplanen med tilhøyrande overordna ROS-analyse (2019) handterer moglege scenario som kan oppstå som følge av aktiviteten i gjeldande industriområde. Det er også utarbeidd ein eigen overordna ROS-analyse for verksemdene i Gulen Industrihamn.

Fem av verksemdene er pålagt industrivern eller er storulukkebedrifter. Det betyr at dersom noko går gale, så kan konsekvensane verte store. Risiko og konsekvens kan vere alt frå liten til katastrofal, men verksemdar som driv på denne måten opererer under strenge krav, og har høg kompetanse på det dei driv med. Men det betyr også at det er betydelege bedredskapsressursar tilgjengelege i tilknytning til området. Dette gjeld både personellressursar og utstyr, og rettar seg både mot brann, oljevern og førstehjelp/redning. Verksemdene som opererer i området har strenge krav dei må følgje knytt til HMS-arbeid og interne driftsinstruksar. Det er utarbeidd Risikoreduserande tiltak må utgreiast gjennom detaljplanlegging med tilhøyrande ROS.

**Tilråding for 2. gongs høyring og offentleg ettersyn:** Tiltaket vert teke med til 2. gongshøyring og offentleg ettersyn. Endra føremål frå LNF til Næring. Reguleringsplan er naudsynt.

## 4.2. Innspel 36 Vassvika (BFT\_13)

Referanse: 19/2624	Gbnr 83/2
Innspel frå:	Torbjørn Giertsen
Dagens føremål:	LNF
Føreslått nytt føremål:	Næringsområde, turisme og hytteutleige
Arealstørrelse:	78,4daa
Kort omtale av tiltaket: Ynskjer å endre føremål og leggje til rette for utleigehytter.	



### Konsekvensutgreiing

Tema	Konsekvens (påverknad/verdi)	Merknadar
Kulturminne/ kulturmiljø	0 (P0xV1)	Det er ikkje registrert automatisk freda kulturminne/ kulturmiljø innanfor eller like utanfor området.
Landskap	-2 (P-2xV1)	Ligger langs den ytre skjærgård ved kystbygdene på Vestlandet, Stemnebøosen. Landskapsverdien klasse C regionalt og lokal lav verdi for samfunnet. Morenemateriale, usammenhengende eller tynt dekke over berggrunnen. Området er stort og inneheld fulldyrka jord, innmarksbeite, overflatedyrka jord og litt produktiv skog. Resten av arealet er grunnlendt og fjell i dagen. Det er allereie gjort nokon terrengingrep her ved utbygging av hus/hytter på begge sidar av området. Så stort inngrep som 20 hytter vil gjere det svært synleg frå sjø og veg. Siluettverknad kan unngås då terrenget er stigande. Frå sjø og opp til veg er det 0-40 moh.

Høyringsutkast

<b>Strandsone</b>	<b>-2(P-2xV1)</b>	Strandsona går i dag 100meter inn i området på austsida, og 45 meter mot nordvest av omrdået. Regulering og utviding av området vil privatisere og flytte stransona. Ålmenta vil ikkje dra noko nytte av det, men kanskje ein kan opne opp att med ein anna bruk som er basert på marina og sjøaktivitetar.
<b>Landbruk</b>	<b>-4 (P-2xV2)</b>	Området er stort og inneheld fulldyrka jord, innmarksbeite, overflatedyrka jord og litt produktiv skog. Det er ute av drift, men har vert til dels skjøtsla som sommarbeite for storfe. Ved utbygging i dette området vil ein ikkje kunne føre areala attende til landbruk igjen.
<b>Naturmangfald</b>	<b>0 (P0xV1)</b>	Heile sundet/osen utanfor Vassvika og Tuvika er gytefelt for torsk. Lokalt viktig gytefelt tilhøyrande Gulafjorden. Elles er det ingen registreringar av utvalde eller viktige naturtypar, artar av nasjonal eller lokal interesse, verneområde eller truga artar. Område for vilt og anna dyreliv som normalt.
<b>Naturressursar</b>	<b>-1 (P-1xV1)</b>	Skogboniteten er for det meste høg med eit område i sør som er særst høg med eksisterende lauvskog begge stader. Uttak forholdsvis lettvindt med vegar i nærheten. Ca 24,1daa med skog. Alder på skog er uvisst, og uttak for tidleg er dumt. Området ligg i det generelle produsjonsområde nr 4 for fisk mellom nordhordland og stadt, med passivt fiske nord i sundet. Det er ingen brønnar i område, men utanfor området er det 4 registrerar av fjellbrønn boringar. Heile området ligg på tynn morene, men det er ikkje grunnvasspotensiale her.
<b>Miljø/Folkehelse</b>	<b>-1 (P-1xV1)</b>	Radon er moderat til lav. Auka utbygging vil auke støy og støv. Den marine støyen vil og auke. Området er omkrinsa av friluftsliv, og sjøen nærme. Det er ei flott område å ha fritidseigendom i. For ålmenta har ikkje dette området særleg nytte i dag.
<b>Friluftsliv</b>	<b>0 (P0xV1)</b>	Området er ikkje nytta til noko form for friluftsliv ant enn sporadisk turgåing.
<b>Samfunn og infrastruktur</b>	<b>2 (P2xV1)</b>	Infrastruktur som veg og straum er der, men ein må ta høgde for VA og teknisk utvikling. Dette er nærings og eit tiltak som vil kunne føre til arbeidsplassar.  Kan vere positivt bidrag i kommunen si utvikling av turismenæringa. Ellers liten ålment nytte.
<b>Born og unge</b>	<b>0 (P0xV1)</b>	For born og unge har ikkje dette noko påverkning, ant enn kanskje framtidige ferie kameratar.



## ROS-analyse

Mogleg hendingar/ potensiell fare	Utløysande årsak til hending, evt. kombinasjon av årsaker	Merknad
1. Forureining (jord, luft, vatn, støy)	Støy og utslepp til sjø frå avløpsanlegg	Auka støy i utbyggingsfase må påreknast. Også auka støy som følgje av auka aktivitet i området i etterkant av utbygging. Må sikre gode løysingar for avløp.
2. Klima og ekstremvær	Vind, ekstremvær, havnivåauke, stormflo	Ligg noko vindutsett til. Ikkje ras- og skredfare. Del av innspelet som er knytt til sjø/strandlinja må ta omsyn til framtidig havnivåauke og stormflo.
3. Beredskap og ulukkesrisiko	Husbrann, personskaade. Ulukke ved og i sjø grunnna auka aktivitet.	11 km frå brannstasjon på Byrknes, 30 km frå ambulansestasjon på Dalsøyra. Svært smal veg deler av strekninga vil kunne auke framkomsttida.
4. Transport og trafiksikring	Trafikkuhell og ulukker med mjuke trafikanter.	Må sikre god tilrettelegging for bilar og mjuke trafikantar internt på området og for forbikøyrande.

	RISIKO															Sannsyn ↑
	Liv og Helse					Miljø (ytre)					Materielle verdiar					
5	4	2,3	1	1	1	3	2	1	1	1	1	2	3	4	5	
4	4	2,3	1	1	1	3	2	1	1	1	1	2	3	4	5	
3	4	2,3	1	1	1	3	2	1	1	1	1	2	3	4	5	
2	4	2,3	1	1	1	3	2	1	1	1	1	2	3	4	5	
1	4	2,3	1	1	1	3	2	1	1	1	1	2	3	4	5	
	1	2	3	4	5	1	2	3	4	5	1	2	3	4	5	Konsekvens →


**Vurdering:** Området er tiltenkt utleigehytter og arealføremålet sikrar at dette ikkje gjeld bygging av fritidsbustadar. Krav om reguleringsplan. Planen vil avdekke kor mange utleigehytter det vil vere ynskjeleg å legge til rette for på området. Bruk av landbruksareal er uheldig. Ynskjer å bevare sjølinja bortsett frå eit område til ein marina, som kan sjåast på i samanheng med småbåtanlegget på naboeigendommen. Tiltaket kan gje auka turisme til kommunen.

### Tilråding for 2. gongs høyring og offentleg ettersyn:

Tiltaket vert teken med til 2. gongs høyring og offentleg ettersyn. Endra føremål med krav om reguleringsplan.

### 4.3. Innspel 45 Kalvøyna (BN\_08)

Referanse: 19/5051	Gbnr: 95/290, 95/189, 95/170, 95/233, 95/232, 95/250, 95/64
Innspel frå:	Martin E.Birknes AS
Dagens føremål:	Friområde og framtidig næringsbebyggelse
Føreslått nytt føremål:	Næring
Arealstørrelse:	12daa
<p>Kort omtale av tiltaket: Ynskjer omlegging av LNF til næring. Området ligg i tilknytning til eksisterande fiskeslakteri for Firda Seafoods. Dei ynskjer å legge til rette for ei heilskapleg og framtidsetta utforming og utvikling av verksemda, og vil planlegge industribygg med oppstillingplass, omlegging av kommunal veg, friområde, planering og oppstillingsplass for tungtransport på området som er spelt inn.</p>	



### Konsekvensutgreiing

Tema	Konsekvens (påverknad/verdi)	Merknadar
Kulturminne/ kulturmiljø	0 (P0xV1)	Det er ikkje registrert automatisk freda kulturminne/ kulturmiljø innanfor området. Men det ligg eit SEFRAK registrert naust aust for tenkt område.

<b>Landskap</b>	-3 (P-3xV1)	Våg og smalsundlandskap i kystbygdene på vestlandet. Delar av området er av stor lokal verdi klasse B mens delen nærmast sjøen er av lav verdi klasse C både lokalt og regionalt. Dette tiltaket vil endre innløpet til Nesevågen betydeleg og bli svært synleg frå sjø og noko synleg for bebuarane i Nesevågen. Ein klarar ikkje unngå silluettverknaden, men tiltaket vil komme bak allereie etablert fabrikk, så lenge ein justerar det på kotehøgda.
<b>Strandsone</b>	-3 (P-3xV1)	Nokon områder av strandsona vil forsvinne for ålmenta. Sidan dette er næring er det heller ikkje ynskeleg med ålmenta i omløp i dette området.
<b>Landbruk</b>	0 (P0xV1)	Det er ikkje dyrkbar jord og vert ikkje brukt i noko form for jordbruk.
<b>Naturmangfald</b>	-1 (P-1xV1)	Ingen utvalde eller viktige naturtypar, artar av nasjonal eller lokal interesse, verneområde eller truga artar. Område for vilt og anna dyreliv som normalt. Nord for området er det registrert svartbak i nesevågen som er livskraftige. Heile sjøområdet utanfor er gytefelt for torsk.
<b>Naturressursar</b>	0 (P0xV1)	Halve området ligg i allereie bebygd og samferdsel område. Resterande ligg i område med snaumark, middel frisk jord. Ikkje tresatt eller dyrkbar jord. Gytefelt for torsk. Bart fjel men stedvist tynt dekke av morenejord, men ingen grunnvasspotensiale.
<b>Miljø/Folkehelse</b>	-2 (P-2xV1)	Radon er moderat til lav for noko av området. Utviding av næringa her vil være ein kjelde for meir støy og aktivitet som kan være negativt for folkehelsa.
<b>Friluftsliv</b>	0 (P0xV1)	Ingen viktige friluftsløyper eller område.
<b>Samfunn og infrastruktur</b>	3 (P3xV1)	Utbygging i dette området vil krevje ganske store inngrep i naturen. Ein har fått varsla omlegging av den kommunale vegen, og må bruke denne i framtiden. Dette er ei næring som gjer arbeidsplassar til mange fastbuande og ei viktig bedrift for kommunen. Tiltaket vil dra med seg fleir arbeidsplassar.
<b>Born og unge</b>	1 (P1xV1)	For born og unge Kunne det vert positivt i form av fleir born busett seg i kommunen samt sommar og feriejobbar for ungdommen.

## ROS-analyse

Mogleg hendingar/ potensiell fare	Utløysande årsak til hending, evt. kombinasjon av årsaker	Merknad
1. Forureining (jord, luft, vatn, støy)	Støy frå auka produksjon og aktivitet på næringsområdet. Auka trafikk av tungtransport. Risiko for forureining.	Anlegget er allereie i drift og endring av arealføremål vil først og fremst auke den aktiviteten som er, ikkje tilføre nye typar næring.
2. Klima og ekstremvær	Vær- og vindutsatt. Stormflo, havnivåstiging og overvatn.	Heile området ligg i strandsona. Venta klimaendringar må takast høgde for.
3. Beredskap og ulukkesrisiko	Auka aktivitet fører til auka risiko for uhell/personskader. Aktivitet nær sjø.	Brannstasjon like ved. Ambulanse 34 km unna på Dalsøyra.
4. Transport og trafikksikring	Trafikkuhell med køyretøy.	Til tider stor trafikk frå tungtransport som fraktar fisk ut frå anlegget. Smale vegar kan gjere det vanskeleg for møtande trafikk. Utfordringa aukar ved auka aktivitet.

	RISIKO															Sannsyn ↑
	Liv og Helse					Miljø (ytre)					Materielle verdiar					
5																
4		3					1					2,4				
3		1,4									1					
2		2				2	4					3				
1																
	1	2	3	4	5	1	2	3	4	5	1	2	3	4	5	
	Konsekvens →															


**Vurdering:** Området vil skape utvikling i næringa og forhåpentlegvis og auke i folketalet med fleir arbeidsplassar. Ein må krevje reguleringsplan for heile området slik at ein kan få til ein best mogleg heilheit for området no og for framtida.

### Tilråding for 2. gongs høyring og offentleg ettersyn:

Tiltaket vert teken med til 2. gongshøyring og offentleg ettersyn. Endra føremål frå LNF til næring.

#### 4.4. Innspel 47 Breidvika (LS\_16)

Referanse:	Gbnr: 139/6
Innspel frå:	Per-Arne Breidvik
Dagens føremål:	LNF
Føreslått nytt føremål:	LNF spreidd næring
Arealstørrelse:	1.4daa
Kort omtale av tiltaket: Ynskjer å legge opp til ei binæring med utleigeeiningar til aktivitet- og turismeføremål med utgangspunkt i bygningane som allereie står der. Det har tidlegare vore sandtak på området.	



#### Konsekvensutgreiing

Tema	Konsekvens (påverknad/verdi)	Merknadar
Kulturminne/ kulturmiljø	-2 (P-2xV1)	Eine bygningen i området er eit naust båthus sjøbu frå 1800 tallet, tredje kvartal, og er registrert i SEFRAK. Det må undersøkast om denne kan endrast.

<b>Landskap</b>	-2 (P-2xV1)	Regionalt og lokalt representativ og normalt førekommande landskap i klasse C. Området ligg i breie fjordar langs dei ytre fjordbygdene på vestlandet. Lausmassane er elve- og bekkeavsetning, ellers åpen fastmark. Tiltaket vil ikkje endra nokosærleg på landskapet då bygningane allereie er etablert fråfør. Men ein må etablere oarkeringsplass og betre veg. Tiltaket ligg ikkje høgare enn 4 moh.
<b>Strandsone</b>	-2 (P-1xV1)	Tiltaket kan gjere at det vert fleire som brukar strandsona av turistar. Kan verke noko privatiserande for ålmenta.
<b>Landbruk</b>	0 (P0xV1)	Tiltaket er ikkje i konflikt med landbruket, og det skal ikkje byggast noko nytt.
<b>Naturmangfald</b>	0 (P0xV1)	Det er ikkje registrert noko verna eller viktige artar i tiltaket.
<b>Naturressursar</b>	0 (P0xV1)	Open fastmark, ikkje dyrkbart. Impediment og ikkje tresatt. Elveavsetningar. Anntatt betydeleg grunnvasspotensiale.
<b>Miljø/Folkehelse</b>	2 (P2xV1)	Radon er moderat til lav for området. Støy vil ikkje endre seg noko særleg. Området har god tilgang til sjø med kai og friluftsområder på land. Greie soltilhøve, noko vind.
<b>Friluftsliv</b>	1 (P1xV1)	Tilrettelagt tursti til Breidvikstølen med løyper vidare like ved. Tiltaket vil kunne auke bruken av desse.
<b>Samfunn og infrastruktur</b>	2 (P2xV1)	Det krev ikkje noko særleg innverknad på terrenget for gjere dette om til utleige. Men infrastrukturen må mogleg oppgraderast med straum, veg, parkering og VA. For samfunnet kan det ha ein positiv ringverknad med fleire tilreisande mm.
<b>Born og unge</b>	0 (P0xV1)	For born og unge har ikkje tiltaket noko særleg innverknad, kanskje nokon fleire leikekammeratar i feriar.

## ROS-analyse

Mogleg hendingar/ potensiell fare	Utløysande årsak til hending, evt. kombinasjon av årsaker	Merknad
1. Forureining (jord, luft, vatn, støy)	Støy og utslepp til sjø frå avløpsanlegg	Noko auka støy i utbyggingsfase må påreknast. Også auka støy som følgje av auka aktivitet i området i etterkant av utbygging, men innspelet gjeld eit lite tiltak så dette er ikkje venta at vert eit problem. Må sikre gode løysingar for vatn og avløp.
2. Klima og ekstremvær	Vind, ekstremvær, havnivåauke, stormflo	Ligg noko vindutsett til. Ikkje ras- og skredfare. Må ta omsyn til framtidig havnivåauke og stormflo.
3. Beredskap og ulukkesrisiko	Uluke ved og i sjø grunnna auka aktivitet.	17 km frå brannstasjon på Brekke, 24 km frå ambulansstasjon på Dalsøyra.
4. Transport og trafikkisikring	Trafikkuhell og ulukker med mjuke trafikantar.	Til tider ein del trafikk på fylkesvegen (60 sone). Tilkomst til denne må vere oversiktleg.

	RISIKO															Sannsyn →
	Liv og Helse					Miljø (ytre)					Materielle verdier					
5																
4																
3		2									2					
2		3,4					1,2				4					
1	1										1,3					
	1	2	3	4	5	1	2	3	4	5	1	2	3	4	5	
	Konsekvens →															



**Vurdering:** Endra føremål til utleige kan vere positivt som tilleggsnæring. Tiltaket ligg i strandsona, men denne er allereie utbygd med molo. Planlagt tiltak gjeld heller i utgangspunktet ikkje vidare utbygging, men ombygging og tilrettelegging av bygningar som allereie står der. Eine bygningen som ein ynskjer omgjer av er eit freda SEFRAK-registrert naust frå 3 kvartal på 1800 talet. Det er uvisst om dette kan endrast til utleige og turisme, det må avklarast med Fylkeskommunen.

**Tilråding for 2. gongs høyring og offentleg ettersyn:**

Tiltaket vert teken med til 2. gongshøyring og offentleg ettersyn. Endra føremål frå LNF til LNF spreidd næring til turisme og utleige.


## 4.5. Politisk innspel Byrknes (BN\_25)

<b>Referanse:</b>	<b>JP: 21/8009</b>	<b>Gbnr: 95/7 og 95/256, m.m.</b>
<b>Innspel frå:</b>	<b>Stein Inge Larsen</b>	
<b>Dagens føremål:</b>	<b>Anna bygg og anlegg (naust og sjørelatert)</b>	
<b>Føreslått nytt føremål:</b>	<b>Næring</b>	
<b>Arealstørrelse:</b>		
<b>Kort omtale av tiltaket:</b>	I januar 2021 mottok kommunen innspel på endring av arealplanen, som mellom anna gjekk på endre føremål frå «Andre typar bygningar og anlegg» (naust og sjørelatert) til næring/sjø/naust. Administrasjonen har i etterkant av dette motteke planinitiativ for detaljreguleringsplan på dette området. Ei slik endring gjer at reguleringsplanen i større grad vil vere i tråd med KPA. Ei slik endring vil også vere meir i tråd med bruken av bygningen på gbnr. 95/271 som er registrert som næringsbygning innan fiskeri- og fangst. Dei andre bygningane som lig innanfor området er private naust og endring av arealføremål må sikre at desse kan nytte desse nauste som før.	





## Konsekvensutgreiing

Tema	Konsekvens (påverknad/verdi)	Merknadar
Kulturminne/ kulturmiljø	-1 (P-1xV1)	Grensar til reguleringsplan for Barvågen, som har til føremål å å sikre vern av bygg og kulturlandskap i området rundt Barvågen. Landskapet, samt god buffer mot bygningar i Barvågen gjer at endra arealføremål ikkje påverkar omsyna bak reguleringsplanen. Nordlige deler av føremålsområdet består av naust og næringsbygg til fiskerinæringa. Eit hotellanlegg må ta omsyn til den tradisjonelle byggjestilen i utforming.
Landskap	0 (P2xV0)	<p>Landskapet ber preg av å vere eit kystlandskap i overgang mellom land og hav, småkupert kystslettelandskap. Området har representativt/vanleg førekommande landskap. Tomta som det er planar om å byggje hotell på er allereie sprengt ut frå då moloen vart laga og framstår som ferdig planert. Området framstår i dag som opparbeidd, og eit hotell med den riktige arkitekturen vil kunne gjere at området vil framstå som meir attraktivt enn i dag. Det naturlege landskapsbiletet er allereie øydelagd.</p>  <p>Hotellet vil vere godt synleg frå sjø, men vil ha ei utforming som harmonerar med andre sjønære bygg i området og som difor vil vere med på å dempe fjernverknaden av det.</p>
Strandsone	-1 (P-1xV1)	Strandsona i framkant av føremålsområdet er allereie sprengt ut, og dei tradisjonelle strandsoneverdiene vert ikkje påverka. Føremålsområdet ligg i si heilheit innanfor strandsona. Planlagde tiltak vil gjere strandsona meir attraktiv og lettare tilgjengeleg. Utbygginga vil gjere deler av strandsona meir privatisert, men tilgang til molo vil vere offentleg.
Landbruk	0 (P0xV0)	Inga dyrka mark eller beiteområde. Landbruksomsynet vert ikkje påverka.
Naturmangfald	-2 (P-1xV2)	Det er registrert fulgar av særleg stor forvaltningsinteresse i nærleiken av området; alke, lomvi, vipe, hettemåke, svartbak, storsporve, makrellterne, havørn, horndykker, gråsisik, bjørkefink, skjærpiplerke, heipiplerke, gråtrost og dvergdykker. Her er det og registrert artar av stor forvaltningsinteresse: ærfugl, fiskemåke, gjøk, kornkråke, bergirisk, stær, havelle og svartand. Dette er artar som ein finn på store deler av Byrknes. Endring av arealføremålet med auka aktivitet, trafikk og utbygging vil kunne ha negativ påverknad på artane.

<b>Naturressursar</b>	0 (P0xV0)	Det er ikkje registrert grus- eller pukkførekomst i området. Bergart består av mangeritt til gabbro, gneis og amfibolitt. Ingen konsekvens for naturressursar.
<b>Miljø/Folkehelse</b>	-1 (P-1xV1)	Det er ikkje registrert kjelder av utslepp eller grunnureing i eller nær området. Planlagt utbygging vil føre til auke i støy frå auka bruk og meir trafikk inn og ut av området. Kan også verte noko auke i støy frå båttrafikk på dagtid. Det fins ingen registrerte eksisterande støykjelder. Endring av arealføremål vil kunne auke støy noko ved at det vert auka aktivitet/ferdsel. Ikkje noko utover det som må kunne påreknast i tettbebygd strøk. Moderat/usikker aktsomhet for radon.  Veldig gode soltilhøve. Føremålsendring påverkar ikkje dette.
<b>Friluftsliv</b>	2 (P0xV0)	Området vert ikkje nytta som friluftsområde. Det er bratt terreng rundt, og planert flatt.
<b>Samfunn og infrastruktur</b>	6 (P3xV2)	Opparbeiding av eit hotell med tilhøyrande fasilitetar vil kunne vere veldig positivt for Byrknes som tettstad. Planane er i tråd med planprogrammet, kommuneplanen og overordna retningslinjer. Det er ein del av Byrknes sentrum, med gangavstand til butikk, oppvekstsenter og andre tenester. Området er allereie satt av til utbygging av naust og sjørelaterte bygg, så endring av dette til næring vil ikkje innebære store konsekvensar.  Vegtilkomsten inn på området må utbetrast og det må leggjast til rette for at bilar og større køyretøy kan snu og eventuelt parkere (t.d. turistbussar, varelevering, renovasjon, uttrykingskøyretøy).
<b>Born og unge</b>	2 (P2xV1)	Området vert ikkje nytta av born og unge i dag. Betre tilrettelegging for næringsutvikling vil kunne vere med på å auke folketalet og skape betre oppvekstmiljø på Byrknes.

## ROS-analyse

Mogleg hendingar/ potensiell fare	Utløysande årsak til hending, evt. kombinasjon av årsaker	Merknad
1. Forureining (jord, luft, vatn, støy)	Støy	Støy frå menneskeleg aktivitet, ferdsl på land og til sjøs. Køyring inn og ut av området.
2. Klima og ekstremvær	Vær- og vindutsatt. Stormflo, havnivåstiging og overvatn.	Heile området ligg i strandsona. Venta klimaendringar må takast høgde for. Området ligg på rundt 2 m.
3. Beredskap og ulukkesrisiko	Auka aktivitet fører til auka risiko for uhell/personskader. Aktivitet nær sjø.	Brannstasjon like ved. Ambulans 34 km unna på Dalsøyra.
4. Transport og trafikkisikring	Trafikkuhell med køyretøy.	Auka aktivitet gir auka trafikk. Smale vegar kan gjere det vanskeleg for møtande trafikk. Vegtilkomst til og på området må

	RISIKO															Samnsyn ↑
	Liv og Helse					Miljø (ytre)					Materielle verdiar					
5																
4																
3	1, 3	4														
2	2					4	2				4	2				
1						1, 3					1,	3				
	1	2	3	4	5	1	2	3	4	5	1	2	3	4	5	
	Konsekvens →															

**Vurdering:** Endring av arealføremål frå Anna bygg og anlegg til Næring (hotell og eksisterande sjørelatert næring) vil vere eit positivt bidrag til utviklinga av Byrknes som tettstad. Auka aktivitet i privat næringsliv gjer at ein ser eit behov for å kunne tilby overnattingstilbod i tillegg til den vanlege turistnæringa. Det vil kunne opne opp for ein ny type arbeidsplassar som kommunen har lite av i dag, i tillegg til auka aktivitetstilbod for fastbuande og tilreisande. Samstundes vil endringa ikkje gå ut over den aktiviteten som allereie er i området.

**Tilråding for 2. gongs høyring og offentleg ettersyn:**

Tiltaket vert teken med til 2. gongshøyring og offentleg ettersyn. Endra føremål frå Anna bygg og anlegg til næring.

## 5.0 Andre typar bygg og anlegg

### 5.1. Innspel 1 og 18 Prestesundet Eivindvik (BAB)

<b>Referanse:</b>	17/8215	Gbnr: 15/15 og 15/252
<b>Innspel frå:</b>	Eivindvik bulyst V/Rune Håvåg og Martin Husevåg	
<b>Dagens føremål:</b>	Bustadområde framtidig	
<b>Føreslått nytt føremål:</b>	Naust og flytte byggegrense/strandsona	
<b>Arealstørrelse:</b>	7daa	
<b>Kort omtale av tiltaket:</b>	Området ligg vest for Eivindvik og nedanfor allereie ettablert byggjefelt. Området nedanfor vegen av Prestesundet er i KPA avsett til bustadområde. Det går frå 0 moh til 32 moh. Det er ynskje om å flytte byggegrensa heilt ned til sjøen og leggje til rette for bygging av naust langs sjø og behalde bustadar i øvre delen av tiltaket.	



#### Konsekvensutgreiing

Tema	Konsekvens (påverknad/verdi)	Merknadar
Kulturminne/ kulturmiljø	0 (P0xV1)	Det er ikkje registrert automatisk freda kulturminne/ kulturmiljø innanfor eller like utanfor området.
Landskap	-2 (P -2 x V1)	Området ligg i våg- og smalsundlandskap, som er ein vanleg landskapstype. Strandsoneanalyse viser at området Eivindvik som heilskap er eit vanleg landskapsområde med middels til høg verdi. Terrenget er til dels bratt og vil kreve terrenginnrep for utbygging. Lavaste punkt er 0 moh og høgastepunkt er 32 moh. Området ligg ved innseglinga til Eivindvik og vil endre landskapsbilete.

<b>Strandsone</b>	<b>-2</b> <b>(P -2 x V1)</b>	Flyttar tilgjengeleg strandsone lenger vest ved å bygge ut føreslått område. Generelt byggjeforbud i strandsona. Lite bruk i dag.
<b>Landbruk</b>	<b>0</b> <b>(P0xV1)</b>	Ingen landbruksverdi. Uproduktiv skog.
<b>Naturmangfald</b>	<b>0</b> <b>(P0xV1)</b>	Ingen utvalde eller viktige naturtypar, artar av nasjonal interesse, verneområde eller truga artar. Lite/minimalt område for vilt og anna dyreliv.
<b>Naturressursar</b>	<b>-1</b> <b>(P-1xV1)</b>	Gytefelt i sjø. Ingen særskilde naturressursar på land, impediment skog.
<b>Miljø/Folkehelse</b>	<b>1</b> <b>(P1xV1)</b>	Noko auke i støy knytt til bruk av naustområde og motorstøy frå båt. Badevika kan universelt utformast. Ingen radon. Tilaket vil medføra god tilgang til sjø og sjøbasert friluftsliv/rekreasjon for nausteigar, men privatisering av strandsona er negativ for ålmenta om ikkje det tilrettelggjast for ålmenta.
<b>Friluftsliv</b>	<b>2</b> <b>(P1 X V2)</b>	Heile Eivindvikområdet er registrert som regionalt viktig område for friluftsliv. Det markerte området er stort sett lite brukt i dag, med unntak av ei badevik som vert noko nytta. Tilrettelegging av naust vil betre tilgangen til området, gitt god utforming.
<b>Samfunn og infrastruktur</b>	<b>2</b> <b>(P2 X V1)</b>	Ingen behov for vatn og avløp. Attraktivt med naust i Eivindvik, ligg nær bustadområde og sentrum. Tiltak vil yttarlegare auke attraktiviteten. Båttrafikken vil auke.
<b>Born og unge</b>	<b>1</b> <b>(P1xV1)</b>	Området vert lite brukt i dag. Tiltak kan auke bruk.

## ROS-analyse

Mogleg hendingar/ potensiell fare	Utløysande årsak til hending, evt. kombinasjon av årsaker	Merknad
1. Forureining (jord, luft, vatn, støy)	Støy, utslepp frå båt	Noko auke i støy grunna auka aktivitet. Mogleg ureining knytt til naustområde og båttrafikk.
2. Klima og ekstremvær	Havnivåauke, stormflo, vind, flaum	Venta havnivå i 2090 med 1000-års stormflo ligg på kote 2. Terrenget er bratt, men det må tilretteleggast for havnivåauke og flaum. I kartet er området merka som utløpsområde for steinsprang og snøskred, men det ligg eit heilt byggjefelt på oppsida av vegen så dette vert ikkje vurdert til å vere ein reell risiko.
3. Beredskap og ulukkesrisiko	Fall i sjø, akutt sjukdom	Brannstasjon og legekontor i Eivindvik. Ambulanse på Dalsøyra 24 km vekke.
4. Transport og trafikkisikring	Båtulukke, trafikkulukke, ulukke med mjuke trafikantar.	Parkeringsareal og snuareal må sikrast. Tiltak treng ny avkjørsle, og det må tilretteleggast for mjuke trafikantar både inne på området og frå bustadfeltet på oppsida av vegen.

	RISIKO															Sannsyn ↑
	Liv og Helse					Miljø (ytre)					Materielle verdiar					
5	5	5	5	5	5	5	5	5	5	5	5	5	5	5	5	
4	4	4	4	4	4	4	4	4	4	4	4	4	4	4	4	
3	3	3,4	3	3	3	3	3	3	3	3	3	2,4	3	3	3	
2	1	2	2	2	2	2	2,4	2	2	2	1	2	2	2	2	
1	1	1	1	1	1	1	1	1	1	1	1	3	1	1	1	
	1	2	3	4	5	1	2	3	4	5	1	2	3	4	5	Konsekvens →

**Vurdering:** Området ligg langs farlei og friluftsområde sjø. Det er ei badevik som er litt nytta men det er tungvindt å komma seg fram til den. Då det er mangel på naust for fastbuande i Eivindvik er dette eit gunstig område, og det vil vere av stor verdi og nytte for eksisterande og nyetablert byggjefelt rett ovanfor vegen. Det vil krevje noko inngrep i naturen, estetikk og topologi må takast hensyn til ved god utforming av området. Sjølvje nausta krev ikkje vann eller avløp. Tiltaket vil opne opp for meir bruk av området då framkommelegheita til badevika og området vert betre. For å redusere privatiserande tiltak i strandsona må naust samlast i eit område. Felles sanitæranlegg i tilknytning til badevik og naust bør vurderast. Det vert stilt krav til reguleringsplan som omfattar heile området, det vil sei både bustad og naust/

**ROS-analyse:** Auka aktivitet kan føre til auka risikosannsyn. Tiltak langs strandlinja må ta omsyn til venta klimaendringar og ekstremvær. Dette vert gjort i samband med detaljregulering.

### Tilråding for 2. gongs offentleg ettersyn:

Tiltaket vert teken med til 2. gongshøyring og offentleg ettersyn. Endra grense og føremål.

## 5.2. Innspel 5 Ospeneset Sande naustområde (BAB)

Referanse: 17/8215	Gbnr: 79/1-5 og 11
Sande Kailag og Skipavik næringspark AS	
Innspel frå:	
Dagens føremål:	LNFR
Føreslått nytt føremål:	Naust - Flytting av byggjegrænse
Arealstørrelse:	2,25daa
<b>Kort omtale av tiltaket:</b>	
Vest på Ospeneset på Sande ynskjer Sande Kailag å omdisponera LNF-areal til nausteføremål. Området er av kratt og opne fjell. Området ligg i dag i strandsona men tett opp til område med eksisterande naust. Skipavik næringspark as har kommen med eige innspel generelt for Sandebygda der dei ynskjer å setje av areal til bustader, utleigebygg/rorbuer, naust og velferdstiltak i Sandebygda.	



## Konsekvensutgreiing

Tema	Konsekvens (påverknad/verdi)	Merknader
Kulturminne/ kulturmiljø	0 (P0xV1)	Det er ikkje registrert automatisk freda kulturminne/ kulturmiljø innanfor området, men eit aust for området står i SEFRAK-registert.
Landskap	-2 (P-1X V2)	Kystbygd på vestlandet og del av fensfjorden fjordbasseng. Regionalt og lokalt vanleg førekommande landskap med lauvskog og bart fjell. Høgda går frå 0 moh og opp til 10 moh. Noko terrenginngrep er naudsynt og tiltak vil verte synleg frå sjø. Nord- aust for området går det ein gammal asfaltert veg til kaia som ligg nord for området. Landskapspåverknad bør reduserast ved å etablere felles naustområde i tradisjonell stil.
Strandsone	-2 (P-1 X V2)	Ved å etablere naust vil ein delvis bidra til å endre bruken av strandsone. Bygging av naust vil kunne ha ein privatiserande effekt, men samtidig gjere området meir tilgjengeleg for fleire.
Landbruk	0 (P0xV0)	Ingen landbruksverdi. Impediment og uproduktiv skog, bare kratt. Ingen påverknad.
Naturmangfald	-1 (P-1xV1)	Ingen utvalde eller viktige naturtypar, artar av nasjonal eller lokal interesse, verneområde eller truga artar. Område for vilt og anna dyreliv som normalt. Endring av føremål vil kunne auke bruken av området, men det vil i stor grad vere aktivitet knytt til sjø- og båtliv som allereie vert utført i vika i dag.
Naturressursar	0 (P0xV1)	Skogbonitet for området er impediment og består av kratt. Ingen fiske eller gyteområde, men kan forekomme fiskeing frå kai Nord for området. Grunnforholda er faste fjell i dagen. Ingen grunnvannspotensiale.
Miljø/Folkehelse	0 (P0xV1)	Radon er moderat til lav for området. Støy frå båtferdsel i fjorden. Universell utforming må takast høgde for.
Friluftsliv	2 (P1xV2)	Området vert i dag nytta til turgåing og noko fiske av lokale. Etablering av naustområde vil betre tilgangen til sjø og friluftsliv til sjøs. Området langs berga vert lettare tilgjengeleg. Kan verte bra for sjøbasert friluftsliv. Mykje tilgjengeleg, uberørt strandsone eller i bygda.
Samfunn og infrastruktur	3 (P3xV1)	Tiltak i tråd med området vil ikkje krevje behov for vatn/avløp. Vegtilknytning til eksisterande veg som går til kaia nord for området. Moglegheitene for å kunne etablere naust og småbåtanlegg i bygda vil vere positivt for utvikling av bygda. Må også sjåast i samheng med det nye bustadfeltet som vert lagt inn i planen. Viktig å tenke heilskapleg utvikling, trivsel og tilrettelegging for aktivitet som er naturleg for bygda



Born og unge	3 (P3xV1)	Naust og tilgang til sjø kan vera med på å byggje opp om eit godt oppvekstmiljø for born og unge. Badevika lenger inne har sandstrand og passar bra til bading og aktivitetar for mindre born. Etablering av naust lenger ute på neset hindrar ikkje aktiviteten inne på stranda, og vil vere tryggare med tanke på ferdsel med båt.
--------------	--------------	--

## ROS-analyse

Mogleg hendingar/ potensiell fare	Utløysande årsak til hending, evt. kombinasjon av årsaker	Merknad
1. Forureining (jord, luft, vatn, støy)	Støy, utslepp frå båt	Noko auke i støy grunna auka aktivitet. Mogleg ureining knytt til naustområde og båttrafikk.
2. Klima og ekstremvær	Havnivåauke, stormflo, vind, flaum	Venta havnivå i 2090 med 1000-års stormflo ligg generelt på kote 2, men når nokre stader opp til kote 3. Terrenget må tilretteleggast for havnivåauke og stormflo.
3. Beredskap og ulukkesrisiko	Fall i sjø, akutt sjukdom	Brannstasjon på Byrknes 16 km unna og ambulanse på Dalsøyra med ca. 20 min utrykkingstid. Låg vegstandard med til tider stor trafikk kan forseinke utrykkingstida.
4. Transport og trafikkisikring	Båtulukke, trafikkulukke, ulukke med mjuke trafikantar.	Parkeringsareal og snuareal må sikrast, samt tilkomst for utrykkingskøyretøy.

	RISIKO															Sannsyn ↑
	Liv og Helse					Miljø (ytre)					Materielle verdiar					
5																
4																
3		3,4				1						2,4				
2	1	2					2,4				1					
1												3				
	1	2	3	4	5	1	2	3	4	5	1	2	3	4	5	
	Konsekvens →															


**Vurdering:** Det er sterkt ynskje om betre tilgang til naust og småbåthamn på Sande. Dette tiltaket vil på ein fin måte skape eit heilskapleg område for friluftaktivitet med bading langs stranda inne i vika og betre tilgang til båttaktivitet og fiske langs Ospeneset. Området ligg i strandsona og har generelt byggjeforbod. Det skal takast særleg omsyn til natur- og kulturmiljø, friluftsliv, landskap og andre allmenne interesser. Privatisering er ikkje i samsvar med dette, og utbygging bør skje konsentrert og i tilknytning til dei nausta som allereie ligg der. Det må sikrast areal framfor naust som gjer det tilgjengeleg for ålmenta å passera forbi der og ut på Ospeneset. Tiltak må også sjåast i samanheng med innspel om bustadområde og småbåtanlegg.

### Tilråding for 2. gongs offentleg ettersyn:

Tiltaket vert teken med til 2. gongshøyring og offentleg ettersyn. Endra føremål.

### 5.3. Innspel 6 Ospeneset Sande småbåtanlegg (SA16)

Referanse: 17/8215	Gbnr: 79/1-5 og 11
Innspel frå:	Sande Kailag
Dagens føremål:	Bruk og vern av sjø og vassdrag med tilhørende strandsone
Føreslått nytt føremål:	Småbåtanlegg med bølgedempar
Arealstørrelse:	1,7daa
<b>Kort omtale av tiltaket:</b>	
Vest på Ospeneset på Sande ynskjer Sande Kailag å byggja ut ein bølgedempar og småbåtanlegg. Området tilknytta på land er av kratt og opne fjell og ikkje i bruk. Området ligg i dag i strandsona men tett opp til område med eksisterande badevik nord for tiltaket.	



### Konsekvensutgreiing

Tema	Konsekvens (påverknad/verdi)	Merknader
Kulturminne/ kulturmiljø	-1 (P-1xV1)	Det er ikkje registrert automatisk freda kulturminne/ kulturmiljø innanfor området, men eit naust for området står i SEFRAK-registert. Dette må takast omsyn til.
Landskap	-2 (P-1 X V2)	Kystbygd på vestlandet og del av fensfjorden fjordbasseng. Regionalt og lokalt vanleg førekommande landskap med lauvskog og bart fjell. Høgda går frå 0 moh og opp til 4 moh. Terrenginngrep er naudsynt. Tiltak vil bli synleg frå sjø og frå bygda. Nord for området ligg det ei kai som må takast med i planane.
Strandsone	-4 (P-2 X V2)	Arealet ligg i sjø med tilhøyrande strandsone. Samla tiltak med naust, småbåtanlegg og bølgedempar vil kunne ha ein privatiserande effekt på strandsona og bruken vert endra. Tiltaket endrar i stor grad tilkomst til sjø for ålmenta til det betre og gjer sjøen meir tilgjengeleg. Men sjølve kystkonturen vil forsvinne bak anlegget.

<b>Landbruk</b>	0 (P0xV0)	Ingen jordbruk i tilgrensa landareal. Ikkje aktuelt.
<b>Naturmangfald</b>	1 (P-1xV1)	Ingen utvalde eller viktige naturtypar, artar av nasjonal eller lokal interesse, verneområde eller truga artar. Område for vilt og anna dyreliv som normalt. Akua aktivitet, ferdsel og støy kan tenkast å påverke fugleliv.
<b>Naturressursar</b>	0 (P0xV1)	Ingen fiske eller gyteområde, men kan forekomme fisking frå kai Nord for området. Fisking frå land kan få fleir plassar.
<b>Miljø/Folkehelse</b>	2 (P2xV1)	Støy frå båtferdsel i fjorden og Sandevika vil auke. Tiltaket vil medføra god tilgang til sjø og sjøbasert friluftsliv/rekreasjon for ålmenta.
<b>Friluftsliv</b>	2 (P1xV2)	Etablering av småbåtanlegg kan opne opp for fleir og meir bruk av området.
<b>Samfunn og infrastruktur</b>	3 (P3xV1)	Det er ein veg til området som går til eksisterande kai. Burde opparbeidast saman med avklaring om parkering. Straum kan verte aktuelt ved utleige av båtplass, belysning av område. Positivt for utvikling av bygda at ein kan auke aktiviteten til sjøs og tilretteleggje betre.
<b>Born og unge</b>	2 (P2xV1)	Etablering av småbåthamn er positivt for born og unge, då ein får betre moglegheit til å nytta sjøen. Auka aktivitet og fritidstilbod.

## ROS-analyse

Mogleg hendingar/ potensiell fare	Utløysande årsak til hending, evt. kombinasjon av årsaker	Merknad
1. Forureining (jord, luft, vatn, støy)	Støy, utslepp frå båt	Noko auke i støy grunna auka aktivitet. Mogleg ureining knytt til naustområde og båttrafikk.
2. Klima og ekstremvær	Havnivåauke, stormflo, vind, flaum	Venta havnivå i 2090 med 1000-års stormflo ligg generelt på kote 2, men når nokre stader opp til kote 3. Terrenget må tilretteleggast for havnivåauke og stormflo.
3. Beredskap og ulukkesrisiko	Fall i sjø, akutt sjukdom	Brannstasjon på Byrknes 16 km unna og ambulanse på Dalsøyra med ca. 20 min utrykkingstid. Låg vegstandard med til tider stor trafikk kan forseinke utrykkingstida.
4. Transport og trafikkisikring	Båtulukke, trafikkulukke, ulukke med mjuke trafikantar.	Parkeringsareal og snuareal må sikrast, samt tilkomst for utrykkingskøyretøy.

	RISIKO															Sannsyn →
	Liv og Helse					Miljø (ytre)					Materielle verdier					
5																
4																
3		3,4				1						2,4				
2	1	2					2,4				1					
1												3				
	1	2	3	4	5	1	2	3	4	5	1	2	3	4	5	Konsekvens →

**Vurdering:** Eit småbåtanlegg er med på og auke attraktivitet og trivsel for området. Det skal takast særleg omsyn til natur- og kulturmiljø, friluftsliv, landskap og andre allmenne interesser. Bølgjedempar er naudsynt for at eit småbåtanlegg skal verte aktuelt på denne plasseringa med tanke vær og vind. Den eksakte plasseringa og størrelse må utgreiast nærare. Tiltak må sjåast i samanheng med eventuell naust- og bustadutbygging. Krav om reguleringsplan.

**Tilråding for 2. gongs offentleg ettersyn:**

Tiltaket vert teken med til 2. gongshøyring og offentleg ettersyn. Endra føremål og flytting av byggjegrænse.

## 5.4. Innspel 23 Myrvika Dalsøyra naustområde (BAB)

<b>Referanse:</b> 19/25	<b>Gbnr 45/5 m.fl.</b>
<b>Innspel frå:</b>	<b>A-Stab AS</b>
<b>Dagens føremål:</b>	<b>LNf</b>
<b>Føreslått nytt føremål:</b>	<b>Nausteområde</b>
<b>Arealstørrelse:</b>	<b>3,9daa</b>
<b>Kort omtale av tiltaket:</b> Det er ikkje sett av areal på land ved sjøen i gjeldande KPA. Det er behov for fleire naust på Dalsøyra, og plasseringa ved eksisterande naust og planlagt småbåtanlegg er naturleg. Må sjåast i samanheng med bustadområde, innspel 22.	



### Konsekvensutgreiing

Tema	Konsekvens (påverknad/verdi)	Merknader
<b>Kulturminne/ kulturmiljø</b>	0 (P0xV1)	Det er registrert to eksisterande naust og tre nausteruinar i SEFRAK-registert for området.
<b>Landskap</b>	-4 (P-2xV2)	Området går frå 0 moh til 4 moh. Landskapsverdien lokalt og regionalt nivå er vanleg førekommende landskap klasse C. Småsund- og storsund landskap, ytre fjordbygdene på Vestlandet. Grunnen er av moreneavsetninger. Shiluettnverknad vil det verte med nausta som kan komme då det vil stå på lik høgde. Men dei må kome ein del lågare enn eventuelle hus, so ikkje det blir shiluettnverknad for busetnaden. Landskapet der dei er tenkt er forhaldsvis flatt, men dei vil bli svært synleg frå sjø.
<b>Strandsone</b>	-4 (P-2xV2)	Heile området ligg i strandsona i KP. Tiltak som dette vil ikkje nødvendigvis øydeleggje tilkomsten for ålmenta, men kanskje opne opp strandsona for ein anna bruk. Men det vil verte privatisert.
<b>Landbruk</b>	-2 (P-2xV1)	Tenkt nausteområde er i dag eit område med fulldyrka jord og lauvskog med god bonitet. Området vert brukt til hausting av små mengder gras, mykje lysrøyr i området som gjer dårleg gras og avling.

<b>Naturmangfald</b>	2 (P2xV1)	Sør for området er det registrert kjempeslirekne som er ein fremmed art, med høg økologisk risiko. Fjerning av denne planten vil være bra for område. Aust for området, nær vegen er det kartlagd stær som er nært truga fugle art. Ellers er område for vilt og anna dyreliv som normalt.
<b>Naturressursar</b>	-1 (P-1xV1)	Av naturressursar er det noko produktiv lauvskog i områdelangs sjø og bekk. Det er ingen infrastruktut eller skog som vil bli drifta for skorgbruk. Ute i sundet, Eidfjorden er det aktiv redskapsfiske og rekefelt. Vest for området, borte ved butikk mm. er det avsettområde gytefelt for Torsk, men dette er ikkje i kontakt med Myrsvika. Utbygging i dette område fjerne noko av lauvskogen, men ein må take høgde for erosjon langs bekk. Det er tynn morene i omrpde, ingen grunnvasspotensiale eller energibrønner i område.
<b>Miljø/Folkehelse</b>	2 (P1xV2)	For naust der en ikkje skal opphalde seg lenge er ikkje radon aktuelt, men området ligg under moderat til lav, og ikkje sikker. Støy for område vil auke noko då bruken av området med bil og båt går opp. Naust vil være ein trivselsfaktor og ha ein positiv virkning for folkehelsa. Kan verte eit område ein treffast og sosialisrast.
<b>Friluftsliv</b>	4 (P2xV2)	Området er ikkje nytta til noko form for friluftsliv ant enn sporadisk turgåing. Det er heller merka løyper andre stader på Dalsøyra som vert brukt til friluftsliv. En bør leggje tilrette so alle folk kan ferdast i nausteområde og fjæra og auke tilgongen til sjø for ålmenta. Det kan verte posisitivt.
<b>Samfunn og infrastruktur</b>	4 (P2xV2)	Naust må vere tilknytta veg for tenkt bustadfelt i område, og ein må opparbeide plass til parkering etter pbl. For samfunnet er naust eit positivt bidrag, og dette kan gje meir samfunnsnytte som nausteområde enn slik området ligg i KP i dag.
<b>Born og unge</b>	1 (P2xV1)	For born og unge kan naust ha ein positiv virkning då dei får fleire stader å treffast, og kanskje dei vil ferdast mei på sjø og bli trygge på det.

## ROS-analyse

Mogleg hendingar/ potensiell fare	Utløysande årsak til hending, evt. kombinasjon av årsaker	Merknad
1. Forureining (jord, luft, vatn, støy)	Utslepp til sjø, støy	Støy på grunn av auka aktivitet. Må sikrast gode løysingar for vatn og avløp.
2. Klima og ekstremvær	Vind og ekstremvær. Havnivåstiging og stormflo.	Ligg utanfor aktsemdssone for skred. Bustadfelt går ned til strandsona og her må det takast omsyn til havnivåstiging og stormflo, samt bølgepåslag. Det same gjeld også tilhøyrande naust og småbåtanlegg. Dette gjerast i detaljregulering.
3. Beredskap og ulukkesrisiko	Husbrann. Akutt sjukdom. Uhell/personskade ved aktivitet i eller nær sjø.	Både ambulanse- og brannstasjon på Dalsøyra.
4. Transport og trafiksikring	Ullukke ved avkjørsle eller med mjuke trafikantar.	Tiltak krev ny avkjørsle til F57. Må sikre tilstrekkeleg område for parkering/snuplass ved naust- og båtområde, samt strand.

## Høyringsutkast

	RISIKO															Sannsyn →
	Liv og Helse					Matrielle verdiar					Stabilitet/Ytre miljø					
5																
4												2				
3	1,2	3,4					1,2					4				
2												3				
1							3,4									
	1	2	3	4	5	1	2	3	4	5	1	2	3	4	5	
	Konsekvens →															

**Vurdering:** Naust og båt plassar er ein mangelvare på Dalsøyra og er etterspurd. Områdene som er tenkt er i dag minimalt skjøtsla og lite bruk til jordbruk. For å auke attraktiviteten for nye beuarar og eksisterande er eit tibode om naust og båt plass positivt. Det skal ikkje være ein båt lagringsplass, kun naust, og ein må ta høgde for parkeringsplassar. Ein må passe på at utforminga blir bra då dei vil verte synleg frå sjø og veg, og bør inngå i ein eventuell reguleringsplan for boligområde og småbåtanlegg.

**ROS-analyse:** ROS-analysen er utført med utgangspunkt i at innspelet gjeld både bustadområde, naustområde og småbåtanlegg. Det er ingenting i ROS-analysen som tilseier at dette innspelet ikkje bør gjennomførast. Det må takast høgde for stormflo og havnivåauke. Elles lite risiko forbunde med naust i dette området.

**Tilråding for 2. gongs offentleg ettersyn:**

Tiltaket vert teken med til 2. gongshøyring og offentleg ettersyn. Endra føremål og flytting av byggjegrænse.

## 5.5. Innspel 24 Myrsvika Dalsøyra småbåtanlegg (SA08)

<b>Referanse:</b> 19/25	<b>Gbnr</b> 45/5 m.fl.
<b>Innspel frå:</b>	<b>A-Stab AS</b>
<b>Dagens føremål:</b>	<b>Sjø</b>
<b>Føreslått nytt føremål:</b>	<b>Småbåtanlegg</b>
<b>Arealstørrelse:</b>	<b>3,7daa</b>
<b>Kort omtale av tiltaket:</b> Areal avsett til småbåtanlegg ønskjast utvida mot aust, mens talet båtplassar vert oppretthalde på 60 båtplassar i tråd med gjeldande KPA.	



### Konsekvensutgreiing

Tema	Konsekvens (påverknad/verdi)	Merknader
<b>Kulturminne/ kulturmiljø</b>	-1 (P-1xV1)	Det er registrert to eksisterende naust og tre nausteruinar i SEFRAK-registert for på landområdet der eventuelle flytebyggjer vil bli festa.
<b>Landskap</b>	-4 (P-2xV2)	Då dette vil komme i sjø vil det ikkje ha noko spesielle store inngrep ant enn eventuelle parkeringsplassar. Det vil bli godt synleg i landskapsbilete både frå sjø og frå vegen/bygda.
<b>Strandsone</b>	-4 (P-2xV2)	Delar av strandsona vil bli brukt til parkering og vil dermed privatisere strandsona noko. Men ein opnar samtundes opp for anna type bruk av strandsona for ålmenta.
<b>Landbruk</b>	0 (P0xV1)	Ikkje relevant då tiltak er i sjø.



<b>Naturmangfald</b>	0 (P0xV1)	Ingen utvalde eller viktige naturtypar, artar av nasjonal eller lokal interesse, verneområde eller truga artar i område. Men på land er det registrert stær og karplanter.
<b>Naturressursar</b>	-1 (P-1xV1)	Eidfjorden er det aktiv redskapsfiske og rekefelt. Vest for området, borte ved butikk mm. er det avsettområde gyttefelt for Torsk, men dette er ikkje i kontakt med Myrsvika og har ingen påverkning. Utbygging i dette område til parkering vil fjerne noko av lauvskogen
<b>Miljø/Folkehelse</b>	4 (P2xV2)	Støy frå båtferdsel i fjorden vil auke. Universell utforming må takast høgde for. Tiltaket vil medføra god tilgang til sjø og sjøbasert friluftsliv/rekreasjon for allmenta.
<b>Friluftsliv</b>	6 (P3xV2)	Det er ikkje registrert noko friluftsliv i området. Etablering av småbåtanlegg kan opne opp for fleir og meir bruk av området.
<b>Samfunn og infrastruktur</b>	2 (P1xV2)	Veg til område vil bli på same v2g som for eventuelt bustadområdet. Straum/vann er aktuelt, men ikkje va. Må takast høgde for i regueingsplan for område. Samfunnsnytta til eit småbåtanlegg er stor då etterspurnaden etter båtplass er tilstade og auker attraktiviteten for bygda.
<b>Born og unge</b>	4 (P2xV2)	Etablering av småbåthamn er positivt for born og unge, då ein får moglegheit til å nytta sjøen og treffast ein plass.

## ROS-analyse

Mogleg hendingar/ potensiell fare	Utløysande årsak til hending, evt. kombinasjon av årsaker	Merknad
1. Forureining (jord, luft, vatn, støy)	Utslepp til sjø, støy	Støy på grunn av auka aktivitet. Må sikrast gode løysingar for vatn og avløp.
2. Klima og ekstremvær	Vind og ekstremvær. Havnivåstiging og stormflo.	Ligg utanfor aktsemdssone for skred. Bustadfelt går ned til strandsona og her må det takast omsyn til havnivåstiging og stormflo, samt bølgepåslag. Det same gjeld også tilhøyrande naust og småbåtanlegg. Dette gjerast i detaljregulering.
3. Beredskap og ulukkesrisiko	Husbrann. Akutt sjukdom. Uhell/personskade ved aktivitet i eller nær sjø.	Både ambulanse- og brannstasjon på Dalsøyra.
4. Transport og trafikkisikring	Uluke ved avkjørsle eller med mjuke trafikantar.	Tiltak krev ny avkjørsle til F57. Må sikre tilstrekkeleg område for parkering/snuplass ved naust- og båtområde, samt strand.

	RISIKO															Sannsyn →
	Liv og Helse					Miljø (ytre)					Materielle verdier					
5																
4												2				
3	1,2	3,4					1,2					4				
2												3				
1							3,4									
	1	2	3	4	5	1	2	3	4	5	1	2	3	4	5	
	Konsekvens →															

**Vurdering:** Dette er eit tiltak som vil auke trivsel og attraktivitet for området då etterspurnaden er der. Ved fleire som busett seg aukar forhåpentlegvis folketalet, og tilkomst til sjø kan være avgjerande for om nokon vil busette seg nettopp her. Ein må sjå på tiltaket heilhetleg og i samanheng med eventuelle nye bustader, naust og reguleringsplan for heile det område.


ROS-analysen: ROS-analysen er utført med utgangspunkt i at innspelet gjeld både bustadområde, naustområde og småbåtanlegg. Det er ingenting i ROS-analysen som tilseier at dette innspelet ikkje bør gjennomførast. Det må takast omsyn til havnivåauke og stormflo ved detaljregulering.

**Tilråding for 2. gongs offentleg ettersyn:**

Tiltaket vert teken med til 2. gongshøyring og offentleg ettersyn.

## 5.6. Innspel 31 Slåttevika Byrknes (BAB)

<b>Referanse:</b> 19/675	
<b>Innspel frå:</b>	Inge Nymark
<b>Dagens føremål:</b>	LNFR og Andre typar bebyggelse og anlegg.
<b>Føreslått nytt føremål:</b>	Småbåtanlegg/Naust og reint andre typar bebyggelse og anlegg føremål
<b>Arealstørrelse:</b>	8,27daa
<b>Kort omtale av tiltaket:</b>	Trekke "andre typar bebyggele og anleggs"- området lengre aust og leggje til rette for naust og småbåtanlegg litt lengre aust enn tidligere avsett område i KP.



## Konsekvensutgreiing

Tema	Konsekvens (påverknad/verdi)	Merknader
Kulturminne/ kulturmiljø	0 (P0xV1)	Det er ikkje registrert automatisk freda kulturminne/ kulturmiljø innanfor eller like utanfor området.
Landskap	1 (P1xV1)	Innmarksbeite og jordbruksareal. Våg og smalsund i kystbygdene på Vestlandet. Moreneavsetninger. Regionalt og lokalt vanleg førekommende landskap klasse C. Terrenginngrep er naudsynt, men ikkje av dei største. Silhuettverknad er ikkje noko problem då andre hus er høgare oppe og vil sjå over naustetak. Attgrodd kratt per i dag. Vil verte synleg frå sjø, men vika er godt skjerma og liten, så tiltaket vil begrense se sjølv naturleg.
Strandsone	2 (P2xV1)	Strandsona og byggjegrensen ligg allereie i dag i sjøkanten frå tidlegare rulleringar og området er avsett i KP. Tiltaket vil privatisere stranlinja, men tilkomst og bruken slik den er i dag er heller liten eller ingen. Utbyggjing av naust og småbåtanlegg vil auke tilgongen til området og bruken av området.
Landbruk	0 (P0xV1)	Innmarksbeite og jordbruksareal, men vert nytta svært lite til dette føremålet og er attgrodd kratt i dag. Elles er det ikkje dyrkbar jord eller aktuelt med noko skogdrift i dette området. Ingen aktiv fiske.
Naturmangfald	0 (P0xV1)	Ingen utvalde eller viktige naturtypar, artar av nasjonal eller lokal interesse, verneområde eller truga artar. Område for vilt og anna dyreliv som normalt.
Naturressursar	0 (P0xV1)	Det er ikkje skog eller dyrkbar jord i området. Området ligg i det generelle produsjonsområde nr 4 for fisk mellom nordhordland og stadt. Tiltak har ingenpåverknad på naturressursane. Ingen grunnvasspotensiale eller brønner i området. Tynn morene jord.
Miljø/Folkehelse	2 (P2xV1)	Tiltak som naust i nærheita og gåavstand til hus aukar livskvaliteten og attraktiviteten for bebuarane i området. Å ha sjøen nært tilgjengeleg som rekreasjonsområde er veldig positivt for folkehelsa og kan auke trygghet og aktivitet til sjøss.
Friluftsliv	0 (P0xV1)	Området er ikkje nytta til noko form for friluftsliv ant enn sporadisk turgåing.
Samfunn og infrastruktur	4 (P2xV2)	Veg og vann er allereie opparbeida i dette området og det er ikkje mykje arbeid for å kople seg på eksistrande. Avlaup er ikkje aktuelt i naust. Lokaliseringa er god og samfunnsnytta kan være god.
Born og unge	1 (P1xV1)	Aukar tilgjengeligheta for born og unge til å nytta sjøen som aktivitetsområde. Dette kan verte positivt for miljøet.


**Vurdering:** Tiltaket er ein del av planområdet 2006001. Innspelet må handsamast som ei endring av gjeldande reguleringsplan og er ikkje eit innspel som skal konsekvensutgreiast i samband med rullering av arealplanen.

**Tilråding for 2. gongs offentleg ettersyn:**

Tiltaket vert ikkje tatt med til 2. gongshøyring og offentleg ettersyn.

## 5.7. Innspel 32 Klauvågen Byrknes (SA10)

Referanse: 18/12049	95/24, 95/30, 95/23, 95/46, 95/31, 95/40
Innspel frå:	A/Stab AS
Dagens føremål:	FFNF (Fiske, Ferdsel, Natur og Friluftsområde) samt Fiske (Låssetting).
Føreslått nytt føremål:	Småbåtanlegg
Arealstørrelse:	29daa
<p><b>Kort omtale av tiltaket:</b> Planområdet ligg i dag i eit kombinert bebyggelse og anleggsføremål (KB23) med kort veg til friluftstinteresser og sjørelaterte aktivitetar og eignar seg godt for ei utvikling av fritidsbustader, naust og småbåthamn. Det er difor ynskjeleg for grunneigarane/forslagsstillar at deler av sjøarealet i Klauvågen som er sett av til Fiske og FFNF i overordna plan blir regulert til framtidig småbåtanlegg ved rullering av KPA.</p>	



### Konsekvensutgreiing

Tema	Konsekvens (påverknad/verdi)	Merknadar
Kulturminne/ kulturmiljø	0 (P0xV1)	Det er ikkje registrert automatisk freda kulturminne/ kulturmiljø innanfor eller like utanfor området. Men det er registrert eit enkeltminne aust i planområdet ved Høljemyra.
Landskap	-2 (P-2xV1)	Store delar av område er myr og torv, og resten er fjell i dagen langs land. Ein del av kystbygdene på vestlandet og området ligg i våg- og smalsundlandskap. Det er vanleg førkommen landskap, lokalt og regionalt klasse C. Terreng inngrep er naudsynt, for feste av småbåtanlegg og parkeringsplassar. Tiltak vil bli svært synleg frå sjø og vegen som går til Klauneset.
Strandsone	-2 (P-2xV1)	Tiltaket er i sjø. Men opparbeiding av parkering og feste av anlegg vil verte på land i strandsona. Dette vil privatisere den tilfeldege trugåinga, men opne opp for anna type bruk av strandsona.
Landbruk	0 (P0xV1)	Ikkje relevant

<b>Naturmangfald</b>	-2 (P-2xV1)	Det er registrert svartand heilt innerst i Klauvågen, denne er nær truga. Nord for område ved Kobbeskjæret og i heile vågen Leira er det registrert bløtbunnsområde.
<b>Naturressursar</b>	-2 (P-2xV1)	Det er registrert tare hausteområde i Klauvågen, c-FELT 1 Sep 2019-31 Aug 2020. Dette må fylgjast opp vidare og i reguleringsplan. Område ligg i eit låssettingsområde og ligg i det generelle produsjonsområde nr 4 for fisk mellom nordhordland og stadt. Lokaleiskarlaget har sagt seg villig til å flytte låssettingsområde litt.
<b>Miljø/Folkehelse</b>	1 (P1xV1)	Auka støy med meir båttraffik i sundet. Radonaktsomheit er moderat til lav. Ingen anna ureining per i dag. Tiltaket vil gi tilgong til sjø aktivitetar. Ein må ta høgde for universell utforming.
<b>Friluftsliv</b>	2 (P2xV1)	Det er ikkje registrert noko friluftaktivitetar i området. Etablering av småbåtanlegg kan opne opp for fleir og meir bruk av området.
<b>Samfunn og infrastruktur</b>	1 (P1xV1)	Veg og parkering vert naudsynt for eit båtanlegg. Dette må sjåast på i samanheng med reguleringsplan for KB 23. Straum/ VA kan verte aktuelt ved utleige av båtplass, belysning av område.
<b>Born og unge</b>	1 (P1xV1)	Då dette småbåtanlegget for det meste vil verte for dei med fritidsbustader har ikkje det stor påverknad for born og unge elles enn at det gjer sjø og båtliv meir tilgjengleg.

## ROS-analyse

Mogleg hendingar/ potensiell fare	Utløysande årsak til hending, evt. kombinasjon av årsaker	Merknad
1. Forureining (jord, luft, vatn, støy)	Støy, utslepp frå båt	Noko auke i støy grunna auka aktivitet. Mogleg ureining knytt til naustområde og båttrafikk.
2. Klima og ekstremvær	Havnivåauke, stormflo, vind.	Venta havnivå i 2090 med 1000-års stormflo ligg i overkant av kote 2. Det må tilretteleggast for havnivåauke og flaum. Området ligg beskytta til inne i ei smal vik, og dette beskyttar frå vær og vind.
3. Beredskap og ulukkesrisiko	Fall i sjø, akutt sjukdom	Brannstasjon på Byrknes 3 km vekke. Ambulans på Dalsøyra 32 km vekke.
4. Transport og trafikkisikring	Båtulukke, trafikkulukke, ulukke med mjuke trafikantar.	Parkeringsareal og snuareal må sikrast. Tiltak treng ny avkjørsle, og det må tilretteleggast for mjuke trafikantar.

	RISIKO															Sannsyn →
	Liv og Helse					Miljø (ytre)					Materielle verdier					
5																
4																
3		3,4				1						2,4				
2	1	2					2,4				1					
1												3				
	1	2	3	4	5	1	2	3	4	5	1	2	3	4	5	
	Konsekvens →															

**Vurdering:** Tiltaket kan verta positivt for dei som byggjer fritidsbustader i området. Etter dialog med Gulen fiskarlag har dei gått med på å ta vekk litt av låssettingsområdet som er innerst i Klauvågen med atterhald om at reguleringsplan for området synleggjer at det er eit låssettingsområde nord for småbåtanlegget og at dette i korte bruksperiodar har fyrste rett til bruk av sundet. Dette må det takast høgde for i reguleringsplanføresenger for området. Det er og tarehaustingsområde her. Dette ambulerar kvart 5. år, men vil ikkje verte påverka av småbåtanlegget i særleg stor grad.

Tiltak må sjåast i samanheng med KB23 som er reguleringspliktig og småbåtanlegget må takast med som ein del av reguleringsplanen.

Det er ingen risikovurderingar som tilseier at innspelet ikkje bør tilrådest.



**Tilråding for 2. gongs offentleg ettersyn:**

Tiltaket vert teke med til 2. gongshøyring og offentleg ettersyn. Endra føremål.



## 5.8. Innspel 35 Storevågneset (SA11)

<b>Referanse:</b> 19/1635	<b>Gbnr</b> 75/4
<b>Innspel frå:</b>	<b>Gaute Baarøy A/Stab</b>
<b>Dagens føremål:</b>	<b>LNFR, Bruk og vern av sjø og vassdrag med tilhørende strandsone</b>
<b>Føreslått nytt føremål:</b>	<b>Småbåtanlegg</b>
<b>Arealstørrelse:</b>	<b>4.6daa</b>
<b>Kort omtale av tiltaket:</b> Tiltakshavar ynskjer å leggje inn eit område for småbåtanlegg i samanheng med eksisterande avsett område for fritidsbustader i KP.	



## Konsekvensutgreiing

Tema	Konsekvens (påverknad/verdi)	Merknadar
Kulturminne/ kulturmiljø	0 (P0xV1)	Det er ikkje registrert automatisk freda kulturminne/ kulturmiljø innanfor eller like utanfor området.
Landskap	-4 (P-2xV2)	Småfjord- og storsund landskap langs kystbygdene på Vestlandet, åpen fastmark. Landskapsverdien klasse C, regional og lokal lågverdi for samfunnet. Inngrep vil verte synleg frå sundet, silhuettverknad vil ikkje forekomme då det er bratt skråning bak tenkt område. Vil verte synlege inngrep frå sundet og eksisterande hyttefelt som er etablert på Mjellneset, nord for storevågneset.
Strandsone	-4 (P-2xV2)	Område ynskja avsett til småbåtanlegg ligg i dag utanfor strandsona og vil fjerne strandsona heilt. Når heile fritidsbebyggelsen er kommen opp vil vestre del av Storevågneset være privatisert, og ikkje tilgjengeleg for ålmenta gående om ikkje ein tek høgde for dette ved reguleringsplan.
Landbruk	0 (P0xV1)	Ikkje relevant.
Naturmangfald	0 (P0xV1)	Ingen utvalde eller viktige naturtypar, artar av nasjonal eller lokal interesse, verneområde eller truga artar. Område for vilt og anna dyreliv som normalt.
Naturressursar	-2 (P-2xV1)	På nord og sørsida av sjølve Storevågneset er det ikkje noko område for fiske. Vest for storevågneset i Brandangersundet er det område for forvaltning av sel, og generelt område for passive fiske. Ingen grunnvasspotensiale. Auka båtfart .
Miljø/Folkehelse	-2 (P-2xV1)	Støy frå båtaktivitetar vil auke. Anlegget vil gje tilgong til sjøen og båtaktivitetar som er bra for folkehelsa. Men det gjer ikkje samfunnet større bruksnytte, berre det tiltenkte fritidsbustadsområdet.
Friluftsliv	0 (P0xV1)	Området er ikkje nytta til noko form for friluftsliv ant enn sporadisk turgåing, og er ikkje avsett noko stad tl dette.
Samfunn og infrastruktur	-2 (P-2xV1)	Det vil verte naudsynt med terrengingrep. Veg, parkering, stramu må opparbeidast for å kunne tilfredsstillе dei krav som er satt for eit småbåtanlegg. Dette må sjåast på i samheng med fritidsbustadsområde som er avsett i KP i dag.
Born og unge	1 (P1xV1)	Eit småbåtanleg kan ha positiv påverknad for born og unge so lenge det er åpent for ålmenta og tilgjengeleg for alle og ikkje berre for fritidsturisme.

## ROS-analyse

Mogleg hendingar/ potensiell fare	Utløysande årsak til hending, evt. kombinasjon av årsaker	Merknad
1. Forureining (jord, luft, vatn, støy)	Støy, utslepp frå båt	Noko auke i støy grunna auka aktivitet. Mogleg ureining knytt til naustområde og båttrafikk.
2. Klima og ekstremvær	Havnivåauke, stormflo, vind.	Venta havnivå i 2090 med 1000-års stormflo ligg i overkant av kote 2. Det må tilretteleggast for havnivåauke og flaum. Området ligg beskytta til inne i ei smal vik, og dette beskyttar frå vær og vind.
3. Beredskap og ulukkesrisiko	Fall i sjø, akutt sjukdom	Brannstasjon på Byrknes 20 km vekke. Ambulans på Dalsøyra 22 km vekke. Til dels dårleg og smal veg som kan senke framkomsttid for utrykkingskøyretøy.
4. Transport og trafikkisikring	Båtulukke, trafikkulukke, ulukke med mjuke trafikantar.	Parkeringsareal og snuareal må sikrast. Tiltak treng ny avkjørsle, og det må tilretteleggast for mjuke trafikantar.

	RISIKO															Sannsyn ↑
	Liv og Helse					Miljø (ytre)					Materielle verdiar					
5																
4																
3		3,4				1						2,4				
2	1	2					2,4				1					
1												3				
	1	2	3	4	5	1	2	3	4	5	1	2	3	4	5	
	Konsekvens →															

**Vurdering:** Eit småbåtanlegg vil auke attraktiviteten og verdien for området. Dette er positivt for utviklinga. Ein stor del av Storevågneset er avsett til føremål fritidsbustadar, og eit småbåtanlegg må inngå i reguleringsplanen for dette. I og med at tiltaket ligg i strandsona skal det takast særleg omsyn til natur- og kulturmiljø, friluftsliv, landskap og andre allmenne interesser.

Samlokalisering med det eksisterande småbåtanlegget som høyrer til nærliggjande hyttefelt ville ha vore fordelaktig, men avstanden til det planlagte hyttefeltet på Storevågneset vil verte for stor.


Terrengmessig er det best å ha tiltaket lengre utpå neset parallelt med allereie regulerte naust nord for området. Innkomne innspel ligg i ganske ulendt og bratt terreng og vil krevje inngrep for tilkomst.

### Tilråding for 2. gongs offentleg ettersyn:

Tiltaket vert teken med til 2. gongshøyring og offentleg ettersyn, endra føremål.

## 5.9. Innspel 3 Toftehågen Sande (BAB\_08)

<b>Referanse:</b> 17/8215	<b>Gbnr:</b> 79/6
<b>Innspel frå:</b>	<b>Sande Kailag</b>
<b>Dagens føremål:</b>	<b>LNFR</b>
<b>Føreslått nytt føremål:</b>	<b>Andre typer bebyggelse</b>
<b>Arealstørrelse:</b>	<b>6.1daa</b>
<b>Kort omtale av tiltaket:</b>	
<p>Toftehågen ligg midt i senter av Sande sør for tidlegare barnehage og er avsett som LNFR. Området er ikkje i aktiv bruk i dag. Sande Kailag ynskjer å leggje til rette for badehus/sanitæranlegg og tilrettelagt badestrand. Bygning er tenkt plassert på nordaust-sida av Toftehågen slik at den ikkje er synleg frå sjøen. Byggjegransa må flyttast nokon meter mot vest i søre delen av området for å få plass til bygg og sti. Området går fra 0 moh til 16moh, der bygg kan stå er det ca 5moh. Ynskje om å lage ein utkikkspost på toppen av Toftehågen ut over vika.</p>	



### Konsekvensutgreiing

Tema	Konsekvens (påverknad/verdi)	Merknader
<b>Kulturminne/ kulturmiljø</b>	0 (P0xV1)	Det er ikkje registrert automatisk freda kulturminne/ kulturmiljø innanfor, men eit naust sør for området står i SEFRAK-registert.
<b>Landskap</b>	-1 (P-1xV1)	Kystbygd på vestlandet og del av fensfjordbassenget. Regionalt og lokalt vanleg førekommande landskap. Høgda går frå 0 moh og opp til 16moh. Fv4 ligg ca 4moh og tett inntil område på aust og kommuneveg på nordsida av området. Nord for vegen går det ei elv som munnar ut på nordvestsida av tenkt tiltak i sjø. Det er bratte berg mot sør og barskog dekker resten av haugen. Landskapet er gjengrodd og lite i bruk. Regional viktig badestrand på vest sida og sørsida av Toftehågen. Nord og aust er det landbruksareal som grensar til Fv og Kv. Sanitærhus

Strandsone	0 (P0xV1)	Strandsona vil bli bevart og går i flukt med byggjegrænse. Tiltaket vil auke bruken av området.
Landbruk	0 (P0xV1)	Ingen dyrkbar jord eller skogsområder.
Naturmangfald	-2 (P -1 x V2)	Det ligg eit lokalt viktig område med Strandeng og strandsump sør for tenkt tiltak som ikkje blir berørt. <a href="https://faktaark.naturbase.no?id=BN00031407">https://faktaark.naturbase.no?id=BN00031407</a> Vest for området og i vika generelt er det ein del fugl. Fiskemåke, svartand, bergirisk er nær trua. Storspove er sårbar, mens vipe og brushane er sterkt trua artar som held til i vika. Ellers er område for vilt og anna dyreliv som normalt.
Naturressursar	0 (P0xV1)	Det er ingen Skogbonitet for største delar av området, dei små områda som er berørt er uproduktive og impedimente område. Ingen fiske frå dette området eller viktig på noko måte for fisking. Grunnforholda er faste fjell i dagen og grunnlendt. Ingen grunnvannspotensiale.
Miljø/Folkehelse	6 (P3xV2)	Radon er moderat til lav for området. Elva som kjem ut på nordvestsida av Toftehågen har generelt dårleg vasskvalitet. Området er nytta som friluftsområde, og kan nyttast meir ved tilretteleggjing. Universell utforming må takast høgde for. Tiltaket vil kunne gje gode kvalitetar som verkar positivt på folkehelsa og viktigeita av stranda.
Friluftsliv	2 (P2 X V1)	Det er ikkje registrert lokalt eller regionalt viktige område for friluftsliv på staden. Positive ringverknadar for lokalt friluftsliv.
Samfunn og infrastruktur	1 (P1xV1)	Vann og avlaup kobles på eksisterande infrastruktur. Tilknyttta veg og parkeing. Stranda er godt besøkt om sommer.
Born og unge	4 (P2xV2)	Med god tilretteleggjing kan dette verte eit flott samlingspungt for born/unge/vaksne og bidra til godt oppvesktmiljø.

## ROS-analyse

Mogleg hendingar/ potensiell fare	Utløysande årsak til hending, evt. kombinasjon av årsaker	Merknad
1. Forureining jord, luft, vatn, støy	Avløp	Må sikre gode løysingar for avløp.
2. Klima og ekstremvær	Havnivåauke, stormflo, vind, flaum	Venta havnivå i 2090 med 1000-års stormflo ligg generelt på kote 2, men når nokre stader opp til kote 3.
3. Beredskap og ulukkesrisiko	Fall i sjø, akutt sjukdom	Brannstasjon på Byrknes 16 km unna og ambulans på Dalsøyra med ca. 20 min utrykkingstid. Låg vegstandard med til tider stor trafikk kan forseinke utrykkingstida.
4. Transport og trafikksikring	Båtulukke, trafikkulukke, ulukke med mjuke trafikantar.	Parkeringsareal og snuareal må sikrast, samt tilkomst for utrykkingskøyretøy. Med samla utbygging som planen legg opp til vil det til tider kunne verte stor trafikk og masse folk.

	RISIKO															Sannsyn ↑
	Liv og Helse					Miljø (ytre)					Materielle verdier					
5																
4																
3		4									2,4					
2	1	2,3					2,4									
1						1					1,3					
	1	2	3	4	5	1	2	3	4	5	1	2	3	4	5	
	Konsekvens →															

**Vurdering:** Området er midt i bygda og det har lenge vore ynskjer om å leggje betre til rette for badefasilitetar på stranda. På fine dagar om sommaren kan det komme mange besøkande til stranda. Då er det ynskjeleg både for tilreisande og fastbuande at det fins sanitæranlegg tilgjengeleg som dei badande kan nytte seg av. Dette innspelet må også sjåast i samanheng med innspel om tilrettelegging for naust og småbåtanlegg. Med auka aktivitet på fleire områder er det klart at eit sanitæranlegg er nødvendig.

Om ikkje heile haugen får endra føremål så kan den nordre og austre delen endrast med nok plass til å sette opp bygg og gangsti til stranda. Området vert ikkje nytta til noko i dag og kan bidra positivt for folkehelsa og oppvekstmiljø.

**Tilråding for 2. gongs offentleg ettersyn:**

Tiltaket vert teken med til 2. gongshøyring og offentleg ettersyn, endra føremål .



## 6. Akvakultur


All endring for områder til produksjon av matfisk gjeld utviding av eksisterande lokalitetar. Utviding av eksisterande anlegg har gjennomgåande mindre konsekvensar enn nye anlegg. Det er lagt inn eitt nytt område for algar og akvakulturdyr. Miljømessig er algar og akvakultur positivt. Dei negative konsekvensane er knytt til restriksjonar for friluftaktivitetar og fiskeri.

Det er vanskeleg å konsekvensutgreie temakategori Infrastruktur og samfunn fordi akvakulturanlegg ofte har negativ påverknad fiskeri, båttrafikken og farleia til ekspressbåtane. Samtidig er det ei næring som er viktig for kommunen, så dette gir positivt utslag på vurderinga. Ein samla ROS-analyse for akvakultur kjem til slutt i kapitlet - etter KU av dei ulike innspela.

### 6.1. Innspel 21 nr 2 Bårøyna (VA\_31)

<b>Referanse:</b>	<b>18/6826</b>
<b>Innspel frå:</b>	<b>Firda Sjøfarmer AS</b>
<b>Dagens føremål:</b>	<b>FFNF</b>
<b>Føreslått nytt føremål:</b>	<b>Akvakultur</b>
<b>Arealstørrelse:</b>	<b>384daa</b>
<b>Kort omtale av tiltaket:</b>	Utviding av eksisterande akvakulturområde for laks og regnbogeare A for Bårøyna. Det er fast busetjing på Bårøyna.






### Konsekvensutgreiing

Tema	Konsekvens (påverknad/verdi)	Merknadar
Kulturminne/ kulturmiljø	0 (P0xV1)	Det er ikkje registrert automatisk freda kulturminne/ kulturmiljø innanfor eller like utanfor området.
Landskap	-2 (P-1xV2)	Deler at øylandskapet rundt anlegget er INON-område. Landskapet er av type våg og smalsund, i grensa mot ytre skjergard. Landskapsverdien er C- regionalt nivå. Ettersom det er snakk om utviding av akvakulturanlegget, ikkje etablering av nytt anlegg, er påverknad på landskapet mindre.
Strandsone	-2 (P-1xV2)	Strandsone langs Bårøy er negativt påverka av at det er eit oppdrettsanlegg langs store deler av stranda på austlege delen av øya. Det påverkar negativt både tilgang med båt, bruken av stranda og opplevinga av å ferdast der. Utvidinga det er snakk om ligg likevel i all hovudsak nord for øya og påverknaden av endringa er difor lita. Anlegget vert drifta frå flåte på sjø og det er ikkje etablert infrastruktur på land i samband med det.
Landbruk	0 (P0xV1)	Området på Bårøy like innanfor anlegget er av type open fastmark og bonitet er open grunnlendt fastmark med snaumark og skrinne vegetasjon. Jorda er ikkje dyrkbar og det vert ikkje drifta som landbruksareal.
Naturmangfald	-2 (P-1xV2)	Sørlege del av anlegget går i dag inn i eit gytefelt for torsk. Gytefeltet dekkjer nesten alt sjøareal mellom øyane i ytre Gulen. Utvidinga mot sør er avgrensa til 90 m og vil difor ha mindre effekt på gyteområdet.







		 <p>Avstand frå nordre ende av utvida område til Kvernøyra naturreservat (hekkelokalitet for fleire artar sjøfugl) er ca 600 m. Tareskogførekomst nord på Bårøy har verdi A -svært viktig fordi det er ein stor førekomst (modellert). Både tareskogen og artar som lever i den kan verte negativt påverka av anlegget, og ei utvidig av dette, men kunnskapsgrunnlaget om risikoen her er usikkert. Får høg negativ påverknad på grunn av usikkerheit og føre-var prinsippet.</p>
<b>Naturressursar</b>	-1 (P-1xV1)	Fiskeplass for passive reiskap i nordre enden av utvidinga. Område for tare haustefelt.
<b>Miljø/Folkehelse</b>	0 (P0xV1)	MOM-undersøkingane på anlegget syner svært god tilstand for lokaliteten.
<b>Friluftsliv</b>	-2 (P-2xV1)	Ferdelsrestriksjonar kring nytt anlegg. Utviding mot nord medfører reduksjon i areal avsett til «Natur», men reduksjonen er avgrensa og mindre konfliktfylt sidan det er ei utviding av eksisterande anlegg. MOM-undersøkingane på anlegget syner svært god tilstand for lokaliteten.
<b>Samfunn og infrastruktur</b>	-2 (P-2xV1)	Ikkje farled. Fast busetjing på Bårøyra som vert påverka av utvidinga.
<b>Born og unge</b>	0 (P0xV1)	Ikkje relevant.

**Vurdering:** Tiltaket er ei tilpassing til behovet for meir areal ved endring av anlegg for å sikre kravet til færre fisk per merd. Utviding av eksisterande anlegg er mindre konfliktfylt enn nyetablering. Kommunen ser det som føremålsteneleg at eksisterande akvakulturområder får utvida områder så lenge dette vert gjort for å betre leggje til rette for eksisterande produksjonsmengde, og det ikkje er andre omsyn som talar mot.

## 6.2. Innspel 21 nr 3 Kuøyana (VA\_26)

Referanse:	18/6826
Innspel frå:	Firda Seafood Group AS
Dagens føremål:	FFNF/farled
Føreslått nytt føremål:	Akvakultur
Arealstørrelse:	737,5daa
Kort omtale av tiltaket: Utviding av eksisterande akvakulturområde for laks og regnbogeare aust for Nordre Gladvær. Treng plass til å legge ut ei rekkje med 5 bur nord for eksisterande rekkje. Det er ikkje fast busetjing på Gladvær.	







## Konsekvensutgreiing

Tema	Konsekvens (påverknad/verdi)	Merknadar
Kulturminne/ kulturmiljø	0 (P0xV1)	Det er ikkje registrert automatisk freda kulturminne/ kulturmiljø innanfor eller like utanfor området. Ikkje del av kulturlandskap registrert med høg verdi.
Landskap	-2 (P-1xV2)	Anlegget ligg i INON-område med over 5 km frå inngrep. Utviding av akvakulturanlegget påverkar i mindre grad landskapet. Området ligg på grensa mellom landskapsverdi representativ/vanleg førekommande og stor regional verdi (som del av Sognesjøen/Solund).
Strandsone	-2 (P-1xV2)	Strandsona vert i liten grad påverka av utvidinga. Utvidinga skjer utover, ikkje inn mot land/strandsone. Anlegget påverkar i liten grad opplevinga og tilkomsten til strandsona. Det er mogleg å komme seg rundt anlegget på begge sider. Drifting av anlegget skjer frå båt, så det er ingen infrastruktur på land.
Landbruk	0 (P0xV1)	Ikkje relevant. Øyene til vest for anlegget består av grunnlendt grunnforhold med arealtype open fastmark. Ikkje tresatt. Øyene vert ikkje nytta til landbruksføremål.
Naturmangfald	0 (P0xV1)	Av artar av særleg stor forvaltningsinteresse er det registrert sarsslangestjerne og Owenia borealis (leddorm). Mindre taeskokgførekomst vest for Naustholmen ligg utanfor føremålsområdet, men kan moglegvis verte påverka. Tyvjo (sjøfugl), fiskemåke, ismåke, havelle og ærfugl. Ikkje sannsynleg at desse vil verte påverka av utvidinga.
Naturressursar	-1 (P-1xV1)	Fiskeplass for passive reiskap i arealet kring AK-området.
Miljø/Folkehelse	0 (P0xV1)	MOM-undersøkingane på anlegget syner svært god tilstand for lokaliteten. Ingen registrert fiskesjukdom ved anlegget. Meget god B-undersøkelse på eksisterande anlegg.
Friluftsliv	-1 (P-1xV1)	Noko ferdselsrestriksjonar kring nytt anlegg, men det er mogleg å komme seg rundt anlegget på begge sider.
Samfunn og infrastruktur	0 (P0xV1)	Utviding av området kjem ikkje borti hovud- eller biled, inkludert farledsareal.
Born og unge	0 (P0xV1)	Ikkje relevant.

**Vurdering:** Utviding av eksisterande anlegg med gode produksjons- og miljøindikatorar. Deler av utvidinga går inn i VA\_25 (AK25 i gamal plan) som også er avsett til akvakultur, men som ikkje er teke i bruk. Den faktiske utvidinga av arealføremål til akvakultur er difor svært lita.

### 6.3. Innspel 21 nr 4 Leiholmane ( VA\_27)

<b>Referanse:</b>	<b>18/6826</b>
<b>Innspel frå:</b>	<b>Firda Seafood Group AS</b>
<b>Dagens føremål:</b>	<b>FFNF/farled</b>
<b>Føreslått nytt føremål:</b>	<b>Akvakultur</b>
<b>Arealstørrelse:</b>	<b>694daa</b>
<b>Kort omtale av tiltaket:</b> Utviding av eksisterande akvakulturområde for laks og regnbogaure sørvest for Gladvær/ i Ålenapposen for å få plass til 5 nye merdar mot sør. Det er fast busetjing på Hille, elles fritidseigedomar her og der på øyane.	



## Konsekvensutgreiing

Tema	Konsekvens (påverknad/verdi)	Merknadar
Kulturminne/ kulturmiljø	0 (P0xV1)	Det er ikkje registrert automatisk freda kulturminne/ kulturmiljø innanfor eller like utanfor området.
Landskap	-1 (P-1xV1)	Anlegget ligg i INON-område. Marint dallandskap i sjø, svært bølgeeksponert småkupert kystslettelandskap på ytre kyst på land. Utviding av akvakulturanlegget påverkar i mindre grad landskapet.
Strandsone	0 (P0xV1)	Både eksisterande anlegg og planlagt utviding ligg så pass langt frå strandsona på øyene rundt at påverknaden vert liten. Tilkomst til øyene vert bevart og ferdsel og opphald i strandsona vert i liten grad påverka av ei utviding.
Landbruk	0 (P0xV1)	Ikkje relevant. Øyene til vest for anlegget består av grunnlendt grunnforhold med arealtype open fastmark. Ikkje tresatt. Øyene vert ikkje nytta til landbruksføremål.
Naturmangfald	-1 (P-1xV1)	Midtre del av området går inn i gytefelt for torsk. Hille, til vest for området, har kystlynghei av svært viktig verdi. Denne vert ikkje påverka av anlegget. Registreringar av <i>Owenia borealis</i> og sarsslangestjerne.
Naturressursar	-1 (P-1xV1)	Sørvestre del kjem litt i konflikt med rekefelt og fiskefelt for sjøkreps.
Miljø/Folkehelse	-1 (P-1xV1)	MOM-undersøkingane på anlegget syner god tilstand for lokaliteten.
Friluftsliv	-1 (P-1xV1)	Ferdseleksjonsrestriksjonar kring nytt anlegg. Anlegget vil utvidast ein del sørover og dette vil påverke moglegheitene for ferdsel rundt anlegget og mellom øyene. Fast busetting på Hille, elles noko avgrensa fritidsbusetting rundt omkring på øyene.
Samfunn og infrastruktur	-2 (P-2xV1)	Utviding av eksisterande akvakulturområde ligg innanfor farleiareal (bilei). Anlegget vil verte langt og vil også kunne påverke anna ferdsel, men det er mogleg å finne andre alternativ.
Born og unge	0 (P0xV1)	Ikkje relevant.




**Vurdering:** Utviding av eksisterande anlegg med gode produksjons- og miljøindikatorar. Reduserar farleiden, men utover dette små negative påverknadar på vurderingstema.

### Tilråding for 2. gongs offentleg ettersyn:

Tiltaket vert teken med til 2. gongshøyring og offentleg ettersyn, endra føremål.

## 6.4. Innspel 21 nr 5 Hardbakkeneset (VA\_18)

Referanse:	18/6826
Innspel frå:	Firda Seafood Group AS
Dagens føremål:	FFNF/farled
Føreslått nytt føremål:	Akvakultur
Arealstørrelse:	521 daa
Kort omtale av tiltaket: Parallellforskyving av eksisterande akvakulturområde AK18 for laks og regnbogeare NV for Straume. Djupnetilhøva på staden tilseier at akvakulturområdet bør flyttast litt mot nord.	



### Konsekvensutgreiing



Tema	Konsekvens (påverknad/verdi)	Merknadar
Kulturminne/ kulturmiljø	0 (P0xV1)	Det er ikkje registrert automatisk freda kulturminne/ kulturmiljø innanfor eller like utanfor området. Heller ikkje registrert kulturhistorisk landskap av høg verdi.
Landskap	-1 (P-1xV1)	Anlegget ligg nord for INON-område. Marint dallandskap i sjø, moderat bølgeekspontert småkupert kystslette på land. Bart fjell og hei under skoggrensa på

		land. Flytting av akvakulturanlegget påverkar i liten grad landskapet.
<b>Strandsone</b>	0 (P0xV1)	Anlegget vil verte flytta lenger frå land, og påverknaden på strandsona vil difor verte redusert.
<b>Landbruk</b>	0 (P0xV1)	Sau og storfe beitar nord på Hisarøy, men desse vert ikkje påverka av flytting av anlegget lenger ut.
<b>Naturmangfald</b>	-2 (P-1xV2)	Av artar av særleg stor forvaltningsinteresser er det registrert <i>Owenia borealis</i> , <i>Labidoplax buskii</i> (sjøppølse), <i>Leptosynapta decaria</i> (sjøppølse). Det er også registrert større taeskoegførekomstar mellom Hisarøyna og anlegget. Førekomsten har verdi A (svært viktig) fordi den er større enn 500 000 m2. Det er usikkert korleis anlegget påvirkar
<b>Naturressursar</b>	-1 (P-1xV1)	Mot nord kjem noko av AK-område litt inn i område for fising med aktive reiskap. Heile AK-området ligg i eit område for fising med passive reiskap.
<b>Miljø/Folkehelse</b>	-1 (P-1xV1)	MOM-undersøkingane på anlegget syner svært god tilstand for lokaliteten.
<b>Friluftsliv</b>	-1 (P-1xV1)	Ferdselsrestriksjonar kring nytt anlegg.
<b>Samfunn og infrastruktur</b>	-1 (P-1xV1)	Reduserar farleden litt i NV- hjørne. Utviding av eksisterande akvakulturområde
<b>Born og unge</b>	0 (P0xV1)	Ikkje relevant.

**Vurdering:** Innspelet gjeld ei mindre endring av eksisterande akvakulturområde. Tiltaket er ei tilpassing til dei naturgjevne tilhøva for å sikre god plassering av anlegget.

## 6.5. Innspel 21 nr 6 Gråvika (VA\_38)

<b>Referanse:</b>	<b>18/6826</b>
<b>Innspel frå:</b>	<b>Firda Sjøfarmer AS</b>
<b>Dagens føremål:</b>	<b>FFNF</b>
<b>Føreslått nytt føremål:</b>	<b>Akvakultur</b>
<b>Arealstørrelse:</b>	<b>325daa</b>
<b>Kort omtale av tiltaket:</b> Justering av plassering av AK38 NA for Gråvik for å betre djupnetilhøva. Akvakulturområdet bør flyttast litt mot aust, men kan reduserast i sørleg del.	








## Konsekvensutgreiing

Tema	Konsekvens (påverknad/verdi)	Merknader
Kulturminne/ kulturmiljø	0 (P0xV1)	Det er ikkje registrert automatisk freda kulturminne/ kulturmiljø innanfor eller like utanfor området.
Landskap	0 (P0xV1)	Anlegget ligg like sør for INON område aust på Byrknes. Beskytta indre kupert kystslette til lands vest for anlegget. Endring av akvakulturanleggsplassering påverkar ikkje landskapet.
Strandsone	-2 (P-1xV2)	Anlegget påverkar tilgangen til strandsona frå sjøen noko, og den påverkar i noko grad opplevinga av strandsona frå land. Endringa vil likevel flytte anlegget vekk frå strandsona og på denne måten redusere dei eventuelt negative påverknadane noko.
Landbruk	0 (P0xV1)	Ikkje relevant. Det er ikkje landbruksaktivitet i nærleiken som vert påverka av endringa.
Naturmangfald	-2 (P-1xV2)	Større taeskoegførekomst mellom anlegget og land i vest. Endring av føremålsgrenser vil flytte anlegget lenger vekk frå desse. Av artar av særleg stor forvaltningsinteresse er det registrert djupvannsreke, <i>Owenia borealis</i> , sarsslangstjerne, lomvi og svartand i nærleiken av anlegget. Det er lite truleg at nokon av desse vil verte påverka av denne mindre endringa som er føreslått. Vurdering sett til oransje pga usikkerheit.
Naturressursar	0 (P0xV1)	Heile AK-området ligg før og etter endring i eit område for fiske med passive reiskap og like nord for område med aktive reiskap.
Miljø/Folkehelse	-1 (P-1xV1)	Anlegget viser meget god miljøtilstand på B-undersøkingar. Utviding/justert plassering vil ikkje påverke dette negativt. Ånnelandssundet er registrert med god kvelitet og avrenning/utslepp frå fiskeoppdrett er vurdert til å ha liten påverknad på vasskvaliteten. Ferdelsrestriksjonar kring anlegg
Friluftsliv	-2 (P-1xV2)	Det er ein del fritidsbustadar i området og ei utviding/flytting av anlegget vil kunne få nokre ferdelsrestriksjonar kring anlegget. Elles ikkje noko påverknad.
Samfunn og infrastruktur	-1 (P-1xV1)	Anlegget er plassert i areal for farled (billed).Endringa reduserar i praksis farleden litt, sidan området vert flytta lenger ut frå land.
Born og unge	0 (P0xV1)	Ikkje relevant.

**Vurdering:** Tiltaket er ei tilpassing dei naturgjevne tilhøva for å sikre god plassering av anlegget. Totalt areal avsett til akvakulturføremål vert redusert.

## 6.6. Innspel 48 nr 1 Straumeøyna (VA\_46)

Referanse:	19/947
Innspel frå:	Havtare AS
Dagens føremål:	FFNF
Føreslått nytt føremål:	Akvakultur
Arealstørrelse:	682daa
Kort omtale av tiltaket:	Nytt AK-område NA for Straume til algar og akvakulturdyr til konsum – ikkje matfisk.



## Konsekvensutgreiing

Tema	Konsekvens (påverknad/verdi)	Merknadar
Kulturminne/ kulturmiljø	0 (P0xV1)	Det er ikkje registrert automatisk freda kulturminne/ kulturmiljø innanfor eller like utanfor området.
Landskap	0 (P0xV1)	Nytt akvakulturanlegg påverkar i liten grad landskapet.
Strandsone	0 (P0xV1)	Ikkje relevant
Landbruk	0 (P0xV1)	Ikkje relevant
Naturmangfald	0 (P0xV1)	Ingen funn av særlege naturverdiar.
Naturressursar	-1 (P-1xV1)	Heile AK-området ligg i eit område for fiske med passive reiskap.
Miljø/Folkehelse	-1 (P-1xV1)	Ferdelsrestriksjonar kring anlegg
Friluftsliv	-1 (P-1xV1)	Ferdelsrestriksjonar kring anlegg
Samfunn og infrastruktur	2 (P2xV1)	Ikkje farled. Algar og akvakulturdyr er ei ny næring for Gulen som treng areal for å ekspandere. Bør erstatte AK 15 som høver best til skjelproduksjon.
Born og unge	0 (P0xV1)	Ikkje relevant.

**Vurdering:** Lite konfliktylt utover bruken av meir areal til akvakultur. AK 15 bør fjernast.

## 6.7. Samla ROS-analyse for akvakultur


Mogleg hendingar/ potensiell fare	Utløysande årsak til hending, evt. kombinasjon av årsaker	Merknad
1. Forureining (jord, luft, vatn, støy)	Støy, lukt og næringssalt til sjø. Spreiing av genmateriale (fiskerømming).	Samla økologisk belastning på resipienten er viktig å vurdere. MOM-undersøkingane for dei eksisterande anlegga syner liten oppheping av organisk materiale. Auka areal for eksisterande anlegg medfører ikkje utan vidare større produksjon, og kan ved mange høve gje betre tilhøve for fisk og mindre oppheping av næringssalt.  Algar og akvakulturdyr bidreg til opptak av næringssalt.
2. Klima og ekstremvær	Vind over tid gjev større bølger. Kan føre til havari av anlegg og arbeidsulukker.	Utviding av eksisterande anlegg med kjent klimapåverknad i dag. Dette reduserer risikoen for uforutsette hendingar.  Nye anlegg må dimensjoneraast etter gjeldande regelverk.
3. Beredskap og ulukkesrisiko	Det vert ingen auka samla aktivitet i produksjon av matfisk.  Produksjon av algar og akvakulturdyr medfører liten dagleg aktivitet ved anlegga.	Inga endring frå dagens situasjon.
4. Transport og trafikksikring	Det vert ingen auka samla aktivitet i produksjon av matfisk.  Produksjon av algar og akvakulturdyr har liten dagleg aktivitet ved anlegga.	Inga endring frå dagens situasjon.

	RISIKO															Sannsyn ↑
	Liv og Helse					Miljø (ytre)					Materielle verdiar					
	1	2	3	4	5	1	2	3	4	5	1	2	3	4	5	
5																
4							1									
3	2															
2								2					2			
1	3,4					3,4										
	1	2	3	4	5	1	2	3	4	5	1	2	3	4	5	
	Konsekvens →															

## 7. Idrettsanlegg

### 7.1. Innspel 39 Oppedal (BIA\_7a)

Referanse: 18/12049	Gbnr: 117/6
Innspel frå:	Brekke sportsskyttarklubb
Dagens føremål:	LNF
Føreslått nytt føremål:	Idrettsanlegg - Skytebane
Arealstørrelse:	112,5daa
<b>Kort omtale av tiltaket:</b> Brekke sportsskyttarklubb fekk i HPU-sak 048/17 (arkivsak 17/626) dispensasjon frå gjeldande arealplan til bygging av utandørsbane på gbnr. 117/6 Oppedal. Arealet er pr. i dag LNF-område. Den eksisterande skytebana til Oppedal/Brekke skyttarlag ligg i føremålsone "Idrettsanlegg, skytebane", sjå vedlagt kartutsnitt. Klubben ynskjer å utvide føremålsone "idrettsanlegg, skytebane" til og å inkludere det arealet som er omfatta av dispensasjon, spesielt areal mellom standplass - kulefang - eksisterande skytebane. Dette spesielt i samband med framtidig planlagte tiltak som bygging av lagerbygg for skivemateriell / utstyr, utbygging av vollar for betre sikring / støydemping m.m.	



**Vurdering:** For å sikre rett bruk av området er tenleg å endra føremål frå LNF til Idrettsanlegg/skytebane på dette området. Ein må samstundes legge inn faresone kring tiltaket for å forebygge ulykker.

Innspelet treng ikkje vidare konsekvensutgreiing då det er for å markere dagens bruk.


#### Tilråding for 2. gongs offentleg ettersyn:

Tiltaket vert teken med til 2. gongshøyring og offentleg ettersyn. Endra føremål.

## 8. Gang- og sykkelsti

### 8.1. Innspel 49 Gang og sykkelsti Hovden-Steine (GS12)

Innspel frå:	Eidsbotn Vel
Dagens føremål:	LNF
Føreslått nytt føremål:	Gang og sykkelsti
Arealstørrelse:	86.5daa
Kort omtale av tiltaket:	Gangveg frå Hovden bustadområde til busstopp på Steine



#### Konsekvensutgreiing

Tema	Konsekvens (påverknad/verdi)	Merknader
Kulturminne/ kulturmiljø	0 (P0xV1)	Det er ikkje registrert automatisk freda kulturminne/ kulturmiljø innanfor eller like utanfor området.
Landskap	-1 (P-1xV1)	Kystbygdene på vestlandet. Vanleg førekommande landskap. Tiltaket har avgrensa terrenginngrep og på verkar ikkje landskapet vesentleg.
Strandsone	0 (P0xV1)	Ikkje relevant
Landbruk	-4 (P-2xV2)	Kring 350 meter av vegen på fulldyrka jord. Vegen vert planlagd slik at han også kan nyttast som landbruksveg
Naturmangfald	0 (P0xV1)	Ingen funn av særlege naturverdiar. Artsobservasjonar av stare, fiskemåke, gauk (alle nær truga) og brushane i området. Utover anleggsperioden får ikkje tiltaket effekt på desse artane.

Høyringsutkast

Naturressursar	0 (P0xV1)	Ingen kjende
Miljø/Folkehelse	2 (P2xV1)	Forenklar bruk av sykkel og fotturar.
Friluftsliv	1 (P1xV1)	Betrar tilgangen til nye turområde.
Samfunn og infrastruktur	6 (P3xV2)	Hovden er eit attraktivt bustadområde med barnehage og mange småbornsfamiliar.
Born og unge	6 (P3xV2)	Sikker gangveg er positivt for all aktivitet.

### ROS-analyse

Mogleg hendingar/ potensiell fare	Utløysande årsak til hending, evt. kombinasjon av årsaker	Merknad
1. Forureining (jord, luft, vatn, støy)	Ikkje aktuelt	
2. Klima og ekstremvær	Snøskred, steinsprang. Vind, nedbør.	Deler av stien ligg i aktsemdsområde for snøskred og steinsprang. Snøskred er nok ikkje aktuelt.
3. Beredskap og ulukkesrisiko	Trafikkuhell	13-15 km til ambulanse på Dalsøyra.
4. Transport og trafikksikring	Ulukke	Trafikkulukke mellom mjuke trafikantar og bilar. Må sikre gode løysingar for avkøyrslar og vegkryssingar.

	RISIKO															Sannsyn ↑
	Liv og Helse					Miljø (ytre)					Materielle verdiar					
5																
4																
3		3,4										2				
2		2					2					3,4				
1						3,4										
	1	2	3	4	5	1	2	3	4	5	1	2	3	4	5	
	Konsekvens →															

**Vurdering:** Svært positivt for å knyte Hovden bustadområde saman med resten av Steine. Vegen er i dag til dels farleg å gå på, då fleire stader har høg trafikk og dårleg sikt. Hovden er eit bustadområde i vekst med fleire barnefamiliar.


Tiltaket er negativt for landbruket, og bør planleggast slik at landbruket kan nytte vegen til landbruksføremål for å drifte arealet langs vegen.

Det føreligg ikkje risikoomsyn som talar mot tiltaket.

## 9. Offentlig eller privat tjenesteyting

### 9.1. Innspel 50 Barnehage Byrknes (BOP\_12)

<b>Referanse:</b>	<b>Gbnr: 95/24</b>
<b>Innspel frå:</b>	<b>Steelhead Invest AS</b>
<b>Dagens føremål:</b>	<b>Bustadføremål</b>
<b>Føreslått nytt føremål:</b>	<b>Privat og offentleg tenesteyting</b>
<b>Arealstørrelse:</b>	<b>4.3 daa</b>
<b>Kort omtale av tiltaket:</b>	
Privat aktør ynskjer at det vert opna opp for å kunne byggje barnehage på deler av eit område rett ved skulen som i dag er satt av og regulert til bustadføremål. Gulen kommune arbeider med sak for å utvide kapasiteten i barnehagen på Byrknes og det er i den samanheng privat aktør ynskjer å kunne komme i posisjon til å kunne tilby utbygging.	



#### Konsekvensutgreiing

<b>Tema</b>	<b>Konsekvens (påverknad/verdi)</b>	<b>Merknadar</b>
<b>Kulturminne/ kulturmiljø</b>	<b>0 (POxV1)</b>	Ingen registrerte kulturminner i området.



<b>Landskap</b>	0 (P0xV1)	Lokalt har Byrknes ein stor verdi klasse B som landskapsverdi, regionalt ligg det inne som vanleg førekommen klasse C i landskapsverdi og smalsundlandskap langs kystbygdene på vestlandet. Det er naudsynt med større terrenngrep her i form av masseutskiftning då området er fulldyrka og overflatedyrka jord, men mindre sprenging er kanskje naudsynt. Shilluettverknad kan ikkje unngås då terrenget er forholdsvis flatt og går frå aust mot vest med berre to meter helling frå 12 til 14 moh. Kuppert og «råtegras» terreng per i dag.
<b>Strandsone</b>	0 (P0xV1)	Ikkje relevant
<b>Landbruk</b>	0 (P0xV1)	Fulldyrka/overflatedyrka jord. Ikkje i bruk som aktivtlanbruksområde.
<b>Naturmangfald</b>	0 (P0xV1)	Ingen utvalde eller viktige naturtypar, artar av nasjonal eller lokal interesse, verneområde eller truga artar. Område for vilt og anna dyreliv som normalt.
<b>Naturressursar</b>	0 (P0xV1)	Det er ikkje skog i området og er ikkje relevant. Lausmassane er av tykk morene og er ikkje grunnvasspotensiale.
<b>Miljø/Folkehelse</b>	3 (P3xV1)	Radon er usikkert og må undersøkast. Det er tilgng til sjøområder og idrett/leik i nærheita. Det er greie soltilhøve. Dette vil verte eit svært godt tiltak for folkehelsa då tilbodet for barnehageplassar vil auke.
<b>Friluftsliv</b>	0 (P0xV1)	Det er ikkje registrert lokalt eller regionalt viktige område for friluftsliv på staden.
<b>Samfunn og infrastruktur</b>	9 (P3xV3)	Området er i dag underlagt reguleringsplan med bustad som føremål. Reguleringsplanen er frå 1999 og det har fram til i dag ikkje vore gjort tiltak for å realisere planen (Plankart er oppdatert etter endring av plangrunn i 2016). Det er berre deler av dette planområdet som vil endrast til Privat og offentleg tenesteyting, medan rundt halvparten av arealet vil bestå med bustadføremål. Som vilkår vil kommunen også sette at det må utarbeidast ny reguleringsplan som legg til rette for bustadar på det resterande området, og som tek omsyn til evt ny offentleg tenesteyting. Det vil også stillast krav om at det skal utarbeidast reguleringsplan for tilhøyrande område aust for skulen som i dag er avsett til bustadar, men ikkje regulert. På den måten vil omsynet til føremålet ikkje verte vesentleg tilsidesatt.  Det kan forsvarast å endre planføremålet på deler av området til Offentleg eller privat tenesteyting. Det står i dag med føremål Bustad, og det er ein reguleringsplan for området frå 1999. Det er ein samfunnsmessig fordel å

		endre føremålet frå bustad til offentleg eller privat tenesteyting på areal i nær tilknytning til den eksisterande skulen. Det aukar fleksibiliteten i arealutnyttinga.  Konklusjonen er at dette er ei føremålsending som i liten grad set det opphavlege føremålet til side og i stor grad er samfunnsnyttig.
<b>Born og unge</b>	<b>4</b> <b>(P2xV2)</b>	Evt. ny barnehage med nytt, tilrettelagt uteområde vil vere positivt for born og unge på Byrknes.

## ROS-analyse

Mogleg hendingar/ potensiell fare	Utløysande årsak til hending, evt. kombinasjon av årsaker	Merknad
1. Forureining (jord, luft, vatn, støy)	Utslepp frå avløpsanlegg, støy	Må sikre gode løysingar for avløp.
2. Klima og ekstremvær	Overvatn, vind, ekstremvær	Noko vindutsatt. Må sikre gode løysingar for handsaming av overvatn .
3. Beredskap og ulukkesrisiko	Akutt sjukdom, brann, uhell	Brannstasjon på Byrknes like ved. 30 km til ambulansestasjon på Dalsøyra. Dårleg vegstandard kan seinke utrykkingstid.
4. Transport og trafikksikring	Trafikkuhell, ulukke med mjuke trafikantar	Området ligg i tilknytning til vegkryss, men det er ikkje særleg stor trafikk utanom leverings- og hentetid i barnehagen. Må sikre gode løysingar for avkjørsle til eventuell barnehage og vegovergang til skulen.

	RISIKO															Sannsyn ↑
	Liv og Helse					Miljø (ytre)					Materielle verdiar					
5	Yellow	Red	Red	Red	Red	Yellow	Red	Red	Red	Red	Yellow	Red	Red	Red	Red	
4	Yellow	Yellow	Red	Red	Red	Green	Yellow	Red	Red	Red	Green	Yellow	Red	Red	Red	
3	3,4	Yellow	Red	Red	Red	Green	Green	Yellow	Red	Red	Green	2	Yellow	Red	Red	
2	Green	1,2	Yellow	Red	Red	Green	1,2	Green	Yellow	Red	Green	3,4	Green	Yellow	Red	
1	Green	Green	Yellow	Yellow	Red	3,4	Green	Green	Green	Yellow	Green	Green	Green	Green	Yellow	
	1	2	3	4	5	1	2	3	4	5	1	2	3	4	5	
	Konsekvens →															

**Vurdering:** Ved å endre føremålet her frå Bustad til Offentleg eller privat tenesteyting, opnar ein opp moglegheitar for å bygge ny barnehage på dette området. Byrknes har stort behov for utvida barnehagetilbod, og å bygge ny barnehage er eit av alternativa som er under utgreiing. Det må setjast krav til ny reguleringsplan for heile teigen som tek omsyn til både bustad og tenesteytingsføremåla sett i samanheng. Området ligg rett over vegen for eksisterande skule og barnehage, og lokaliseringa er i så måte god.

Det er heller ingen forhold ved rosvurderinga som tilseier at det ikkje føremålet bør endrast.

### Tilråding for 2. gongs offentleg ettersyn:

Tiltaket vert teken med til 2. gongshøyring og offentleg ettersyn. Endra føremål.

## 10. Generell vurdering av vindkraft

Det er kome inn eit innspel som går ut på å vise område for planlagt vindkraft på Sandøy. I arealplan frå 2012 ligg det inne tre områda som er avsett til mogleg utviklingsområde for vindkraft. I mangel på andre aktuelle føremål er desse områda avsett ved å bandlegge dei etter Energilova. Dei bandlagte områda er Brosviksåta, Dalsbotnfjellet og Sandøyna. På Dalsbotnfjellet vart det gitt konsesjon av NVE, men den vart klaga inn av kommunestyret. 23. juni vart klaga teke til følgje og det vert difor ikkje gitt konsesjon til dette anlegget. Det er også dialog om å byggje ut vindkraft på Sandøyna, men det føreligg ingen konsesjonssøknad på noverande tidspunkt.

I praksis er den einaste konsekvensen av ei slik bandlegging at det vert lagt restriksjonar på eventuell anna bruk av desse områda. Enn så lenge det ikkje føreligg noko konsesjon, meiner administrasjonen at bandlegging av desse områda til vindkraft er både unødvendig, misvisande og feil bruk av bandleggingsmoglegheitene kommunen har etter pbl. §11-8, 2. ledd, bokstav d). Dersom vindkraftanlegg vert lagt ut som bandlagt område i arealdelen, utløyser dette krav om at området må regulerast innan 4 år, eventuelt med 2 års forlengelse. Dette er ikkje aktuelt i desse tilfella.

«Retningslinjer for planlegging og lokalisering av vindkraftanlegg» seier at områder som i regional plan er angitt som å ha akseptabelt konfliktpotensial, vil normalt vere LNF-områder i kommuneplanen sin arealdel. For å synleggjere områda som kan vere aktuelle for seinare regulering til vindkraftføremål, kan det utarbeidast temakart som viser desse områda. Arbeidet med Nasjonal ramme for vindkraft viste at konfliktnivået rundt utbygging av vindparkar er stor, og at sjølv områder som er lagt inn med akseptabelt konfliktnivå i regional plan for vindkraft delvis er bygd på mangelfullt kunnskapsgrunnlag. Eit slikt temakart vil difor ikkje vere aktuelt for Gulen per i dag.

Aktuelle LNF-områder kan også markerast på kommuneplankartet med ein skravur. Ei slik markering vil imidlertid ikkje vere juridisk bindende for arealbruken, og administrasjonen meiner at så lenge det ikkje føreligg ein godkjend konsesjon så er det misvisande å markere så store områder om som tiltenkt for vindkraft.

Etablering av vindkraftverk følger ikkje føresegnene i Plan- og bygningslova. Då er det heller ikkje naturleg å bruke plan- og bygningslova til å vise moglege, framtidige områder for vindkraftutbygging på eit så tidleg stadie så lenge det ikkje er politisk semje om det. Etter administrasjonen si vurdering tilseier det høge konfliktnivået som er rundt utbygging av vindkraft at områder ikkje bør settast av til vindkraft i arealplanen før det føreligg rettskraftig konsesjon. Å ta dei ut av arealplanen vil ikkje ha noko påverknad på framtidig konsesjonssøknad då etablering av vindkraftverk vert vurdert etter eit anna regelverk.

Med bakgrunn i dette har me tatt ut dei eksisterande bandlagte sonene som i tidlegare plan markerte potensiell vindkraftutbygging.